38	Austevoll Arbeiderparti	Det er fleire grunnar til at planane med elektrifisering av offshore plattformer frå land, basert på fornybar straum, bør skrinleggjast. Energiforbruket på plattformene i dag kjem frå gassturbinar drive i all hovudsak av eige produsert gass. Systema er designa for levetida til plattformene, og desse plattformene, installert frå 70 talet og utover, vil bli stengt ned i tur og orden dei neste 10 til 30 år. Kostnadene grunna elektrifiseringa må i all hovudsak berast av det offentlege. Gassen som blir spart på plattformene skal sendast til kontinentet og går inn i energisystemet der. Gevinsten er vanskeleg å sjå. Det er ein kostnad med å trykke gassen gjennom røyrleidning til Europa, sjølv om ein kanskje får ein marginal gevinst med betre forbrenning i nyare anlegg. Forbrenning av gassen i Europa i staden for på plattformene på norsk sokkel, kan ikkje forsvarast. Det blir avgitt CO2 til same atmosfære anten forbrenninga er i Europa eller på plattformene. Elektrifisering av sokkelen vil påføre det offentleg store kostnader, og verdifull fornybar energi vil bli sendt offshore til ingen nytte. Vi veit at det er store planar for næringsetablering på Vestlandet innanfor det grønne skiftet, ein industri som vil trenge mykje fornybar energi.	Det bør vurderast å stanse planlegging av elektrifisering frå land til offshore installasjonar på norsk sokkel.	Energi	Oversendes redaksjonskomiteen

nr	Kommuneparti:	Begrunnelse for forslaget:	Forslaget:	Tema	Innstilling
39	Austevoll Arbeider parti	Teknologien utviklar seg raskt for småskala eigenprodusert straum. Dette gjelder også for isolasjon av bygningar, tettare vinduer etc. Solcellepanel er i rivande utvikling. Energiproduksjon frå jordvarme, varmepumper, vasskraft frå bekkar, avfall, reintbrennande vedomnar etc. samt energisparetiltak har et vesentleg potensiale. Her må myndighetene kome med betre insentiv og tilskot for å raskare fremja ei positiv utvikling. Frå pressen kan vi lese at dagens tilskot gjennom ENOVA i liten grad fungerer. Huseigar foreininga påpeker at husstandar får vesentleg mindre tilbake i tilskot enn det som totalt er betalt inn gjennom påslag på straumrekninga til dette formålet. For å få fortgang i investeringar som får ned straumbruken må det være ordningar som gjer det mogeleg å gjennomføre desse. Det er mange som gjerne vil vere med på dette, men som ikkje ser seg råd. Då må fellesskapet gjennom Husbanken, hjelpe til slik at ein ikkje treng å ta opp lån med urimeleg kort nedbetalingstid og høg rente.	Bruke insentiv som gjer det attraktivt å gjennomføre ENØK tiltak både privat og i næringsliv. Ut over det ENOVA tilbyr i tilskott for ENØK tiltak, må Husbanken lettvtint kunne brukast til finansiering av slik investering, med lavast mogleg rente og lang nedbetalingstid for å få ned storleiken på avdrag, og der avdraget blir betalt over straumrekninga.	Energi	Oversendes redaksjonskomiteen
40	Austrheim Arbeider parti	Staten må ta kontroll over omsetningssentralen for straum og fjerne mellomledda som i dag har kontroll over marknaden. På den måten kan dei få senka prisane til forbrukar. Statnett og Statkraft må bli instruert av staten som eigar, at dei skal tene dei samfunnsmessige omsyna dei er oppretta for, ikkje berre omsyn til profitt. Arbeidarpartiet må arbeide for at eigarane kan halde prisane på elektrisk kraft lågare. I debatten har både makspris og andre løysingar vorte trekt fram. Vi veit ikkje korleis dette kan gjerast, men vi vil klart signalisere behovet for ei regulering av prisane. Når våre fremste tillitsvalde nyttar marknadskreftene som årsak for at prisane ikkje kan regulerast, meiner vi at sosialdemokratiet har tap. Vi meiner departement og parti må setje i gang eit utgreiingsarbeid for å finne fram til korleis regjeringa kan regulere prisen på straum.	Arbeidarpartiet må arbeide for at eigarane, som er kommune, fylke og stat, skal halde prisane på elektrisk straum lågare. Staten må ta kontroll med omsetninga for straum. Føremålet er å senka prisen på straum til forbruker og til næringslivet. Staten må instruere Statnett og Statkraft at dei skal tene dei samfunnsmessige omsyna, ikkje berre ta omsyn til profitt.	Energi	Oversendes redaksjonskomiteen
41	Bjørnafjordn Arbeidar parti	Gjennom denne vinteren har alle sett at straummarknaden, slik den er organisert, ikkje gjev folk og næringsliv/industri den forutsigbarheit dei treng i høve pris på elektrisk energi. Det trengst meir statleg styring og kontroll. Me treng og produksjon av meir straum, samt effektivisering av den bruken ein har. Den auka kostnaden som er betalt inn, bør betalast attende til kundane. Verken hushaldningar eller næringsliv har rygg til å bera slike kostnader. Me skal utvikle næringslivet på land i grøn retning, og då treng me her all den energi me både har, og kjem til å auka i produksjon. Alt no er det signal om at me har for lite energi på fastlandet, slik at nyetableringar i næringslivet ikkje lar seg realisera.	Arbeidarpartiet skal arbeida for: • At alle norske straumkundar har tilgang til nok stabil og rimeleg (nær kostpris) straum, der Staten tar ei meir aktiv styring av energimarknaden • At hushaldningane får refundert faktisk innbetalt pris utover 50 øre pr. kWh, opp til 3000 kWh pr. månad i vinter. Det må utarbeidast eigne ordninga for frivilligheita og næringsliv/industri.	Energi	Oversendes redaksjonskomiteen
42	Bjørnafjordn Arbeidar parti	Gjennom denne vinteren har alle sett at straummarknaden, slik den er organisert, ikkje gjev folk og næringsliv/industri den forutsigbarheit dei treng i høve pris på elektrisk energi. Det trengst meir statleg styring og kontroll. Me treng og produksjon av meir straum, samt effektivisering av den bruken ein har. Den auka kostnaden som er betalt inn, bør betalast attende til kundane. Verken hushaldningar eller næringsliv har rygg til å bera slike kostnader. Me skal utvikle næringslivet på land i grøn retning, og då treng me her all den energi me både har, og kjem til å auka i produksjon. Alt no er det signal om at me har for lite energi på fastlandet, slik at nyetableringar i næringslivet ikkje lar seg realisera.	Straumtilgang- Framlegggegg til vedtak: Arbeidarpartiet skal arbeida for: • At fastlandet i Vestland får tilgang til nok elektrisk straum for næringsutvikling og elektrifisering av bil/båt og anna der fossilt brensel skal fasast ut. Dette gjennom auka produksjon av vasskraft, solenergi, vindenergi og energieffektivisering. auka produksjon av vasskraft, solenergi, vindenergi og energieffektivisering. Tal vindmølleparkar på land må begrensa. • At oljeinstallasjonar vert elektrifisert med havvind, og ikkje med straum frå land.	Energi	Oversendes redaksjonskomiteen
43	Bremanger Arbeidar parti	Straumprisane vi har hatt i store delar av landet i fjor haust og så langt i 2022 har vore historisk høge. Dette har gjeve private forbrukarar og næringsliv utan langsiktige fastpriskontraktar store økonomiske utfordringar. Om prisane fortset å ligge på same nivå, vil utfordringane for desse gruppene eskalere. Utan verkfulle og permanente tiltak, vil det på litt lengre sikt også få store konsekvensar for den kraftforedlende industrien. Gjennom langt over hundre år har den norske vasskrafta gjort det mogeleg å etablere industri langs heile kysten, frå Kristiansand i sør til Tana i Nord. Denne industrien har skapt- og skapar aktivitet, arbeidsplassar og livsgrunnlag i mange lokalsamfunn langs heile kysten. Vasskrafta er den største konkurransefordelen desse bedriftene har, og er ein avgjerande faktor for dei store verdiane som vert skapt. Det må difor etablerast verkfulle og permanente tiltak som sikrar rimeleg straum for vanlege forbrukarar og som opprettheld konkurransekrafta for den kraftforedlende industrien og øvrig næringsliv.	Bremanger Arbeidarparti meiner at det må iverksetjast varige og verkfulle tiltak som sikrar rimelege straumprisar for vanlege forbrukarar og som opprettheld konkurransekrafta for den kraftforedlende industrien og øvrig næringsliv.	Energi	Oversendes redaksjonskomiteen

nr	Kommuneparti:	Begrunnelse for forslaget:	Forslaget:	Tema	Innstilling
44	Bremanger Arbeiderparti	I dei seinare år har det vore ei omfattande utbygging av straumnett i vårt område. Dette har ført til ein kraftig auke i nettleiga. Utbygging av straumnett er viktig for å nå klimamåla i samband med det grønne skiftet. Dette er ei nasjonal oppgåve der byrdene må fordelast på alle. Vi krev at det vert etablert nasjonale utjamningsordningar som sikrar lik nettleige for industri og vanlege forbrukarar	Etablere nasjonale utjamningsordningar som sikrar lik nettleige for industri og vanlege forbrukarar.	Energi	Oversendes redaksjonskomiteen
45	Etne Arbeiderparti	Grunngjeving : Skal me klare å elektrifisere alt på landjorda som er ønskeleg og ha nok straum til industri og nye bedrifter som vil etablere seg, vil det ikkje være nok straum. Elektrifisering av norsk sokkel har ingen positiv verknad på miljø eller klima, og er utelukkande eit forsøk på å pynte på norsk utsleppsstatistikk.	Stopp elektrifisering av norsk sokkel ved hjelp av landstraum .	Energi	Oversendes redaksjonskomiteen
46	Kinn Arbeiderparti	I plan for utbygging og drift av Snorre Expansion 2017 (SEP) vart det vurdert elektrifisering av Snorre A, B og C frå Grov rett aust for Florø. Konklusjon: elektrifisering er ikkje lønnsamt. Under planlegging av 420 KV linja gjennom tidlegare Flora kommune vurderte ein påkoplingpunkt ved Grov, men dette vart lagt vekk. Hywind Tampen er snart ferdig og produksjonen må knytast til land. Det vil sikre 100% elektrifisering av Snorre A og B, samt Gullfaks A, B og C. Ein vil også kunne byggje ut Dugong, Peon, Garantiana mfl., med store klimakutt. Med kabel til land vil en kunne bygge flere vindturbiner på Tampen og kraft vil gradvis kunne nyttast til landindustri når olje og gass vert fasa ut. Dette vil igjen skape rom for kraftkrevjande industri. Lokalt i Florø-området vil trafostasjon ved Grov gje lokalt næringsliv tilgang til store kraftmengder. Tidligere Sogn og Fjordane produserar om lag 3000 MW kraft og brukar 1000 MW. Kraftoverskuddet er kortreist kraft, den fortrengrer ikkje annan industri, gjev ingen energiknappheit eller dyrare straum.	Få offshore vind til land! Kinn Arbeiderparti krev at Hywind Tampen vert kopla til sentralnettet ved Grov i Kinn kommune på eksisterande 420 kV linje.	Energi	Oversendes redaksjonskomiteen
47	Kinn Arbeiderparti	Vi ser nå et energimarked ute av balanse, og markedskreftene får råde alene. Det påfører den norske befolkningen en til dels stor ekstrakostnad, og ikke minst usikkerhet. Så langt har regjeringen kommet med midlertidige tiltak. Det er en kortsiktig løsning, men må avløses av permanente ordninger. Makspris på strøm synes som den mest opplagte løsningen. Vi forventer handling av regjeringen, og ikke dikkederinger rundt støttenivå. Det kan ikke aksepteres at vi går inn i en ny vinter med den usikkerheten vi har opplevd denne vinteren. Kinn Arbeiderparti forutsetter at regjeringen har tilstrekkelig handlekraft til å reforhandle/justere inngåtte avtaler på en slik måte at makspris på innenlands forbruk kan innføres.	Strømpris Kinn Arbeiderparti krever at det settes en makspris på strøm til forbrukere. Den bør reflektere produksjonskostnadene. 35 øre/kWh kan være et relevant startnivå.	Energi	Oversendes redaksjonskomiteen
48	Kvam Arbeiderparti	Vestland arbeiderparti har følgende uttale: Maksimal pris på straum på 45 øre/kWh for tidsrommet fra 01.01.22 Dei ekstreme straumprisane i Sør-Norge ser ut til å vedvara utover vinteren. Vi foreslår følgende strakstiltak: • Det vert innført ein midlertid maksimal pris på straum på 45 øre/kWh for sluttbrukarane • Staten tek alle kostnader over 45 øre/kWh • Maksprisen gjeld for alle - også næringslivet • Tiltaket er midlertidig og varer kun så lenge vi har ei priskrise	Maksimal pris straum på 45 øre/kWh som strakstiltak i straumpriskrise.	Energi	Oversendes redaksjonskomiteen
49	Kvinherad Arbeiderparti	Å etablere vindmøller, med alle dei natur- og helsemessige konsekvensane dei vil føra med seg, må ha ei sterk forankring i lokalmiljøet.	Det skal ikkje kunne byggast vindmøller i kommunar, utan at det lokalt er fleirtall for å gjere dette. Kommunane må ha full råderett for tillatelse ved ein eventuell utbygging av vindmøller.	Energi	Oversendes redaksjonskomiteen

nr	Kommuneparti:	Begrunnelse for forslaget:	Forslaget:	Tema	Innstilling
50	Kvinnherad Arbeiderparti	Kvinnherad har over mange år utvikla eit sterkt miljø rundt og har fått høg kompetanse på småkraft. Vi har fleire lokale prosjekt som ligg med ubehandla søknader hos NVE og som dessverre har lagt der sær s lenge. Dette er og godt kjent hos Småkraftforeninga, samanslutninga for småkraftverk i Noreg. I den situasjonen som landet er i no verker det meiningslaust at søknader ikkje vert behandla fortløpande og at NVE er flaskehals for utvikling og utbygging av gode prosjekt med fornybar energi. Vestland Arbeiderparti oppmodar om at regjeringa gjer NVE i stand til å utføre oppdraget sitt ved å sikre at dei har nok ressursar tilgjengeleg til å g handsame søknader om bl.a småkraftutbygging i eit betydeleg raskare tempo enn det vi såg under Høgre-regjeringa.	Sikra og prioritera at ein har nok ressursar tilgjengeleg for å kunna behandla søknader for småkraft utbygging innanfor forsvarlige tidsrammer.	Energi	Oversendes redaksjonskomiteen
51	Kvinnherad Arbeiderparti	Strømpriskrisen som Norge opplever, må utløse kraftfulle politiske tiltak fra regjering og Storting. Den vedtatte strømprisstøtten er positiv, men er nødhjelp som ikke løser de grunnleggende problemene som har ført til den sterke strømprisøkningen. En overdreven tro på markedet har vist å skape store problemer - også på energiområdet. Disponeringen av Norges arvesølv, den evigvarende vannkraften, er overlatt til en stort sett selvstyrt og kommersielt orientert kraftbransje, som ser det som innenfor sitt samfunnsmandat å drive strømprisene opp mest mulig for maksimert fortjeneste. Norsk vannkraft gir oss en enestående mulighet til trygg og rimelig tilgang på energi for innbyggerne, for industri- og næringsutvikling og for en god klimapolitikk. Det krever politisk styring og vilje. Nå må vi ta politisk kontroll med kraftsystemet vårt og sikre at folk flest, næringsliv og offentlig virksomhet får strømpriser til å leve med. Rimelig strøm har vært viktig for levestandard og for konkurranseevnen vår og bør være det også i fremtiden.	Arbeiderpartiet må ta tak i systemet rundt eksport og import av strøum, og sikra politisk styring, slik at vi får sterkare politisk kontroll over energipolitikken.	Energi	Oversendes redaksjonskomiteen
52	Luster Arbeiderparti	Denne vinteren har straumen blitt urimeleg dyr for mange av innbyggjarane våre. Til tross for ein viss kompensasjon frå staten er straumkostnadane høgare enn nokon gong, og for svært mange ei tung bær å bera. Dette er ikkje ein berekraftig og framtidsetta måte å forvalta kraftressursane våre på. Biletet er komplisert og mange samverkande årsaker har ført til det ekstreme prisnivået på strøum denne vinteren. Overføringskapasitetar, magasinifylling, avvikling av fossile kraftverk i Europa, mangel på gass etc. spelar inn, men den fullstendige marknadstilpassinga i ein europeisk marknad og inndelinga av landet i kraftsoner er dei klart viktigaste. Kraftkommisjonen må gjera eit breitt samfunnsmessig arbeid: korleis unngå prissjokk og samstundes forvalta krafta på ein god måte. Kraftføretaka driv etter marknadsmessige prinsipp, men i denne situasjonen set marknadskrefter i fri utfolding økonomien og oppslutnaden om det grønne skiftet i fare. Politiske løysingar må på plass snarast for å sikra økonomien for innbyggjarar og næringsliv.	Luster Arbeidarparti oppmodar Storting og regjering ta dei grep som er naudsynt for å sikra innbyggjarane og næringslivet vårt rimeleg og trygg strøumforsyning. Rimeleg strøum til alle er ein føresetnad for god velferd i eit nordisk klima som vårt. Mange lokalsamfunn har gjeve frå seg store naturverdiar i byte mot trua på trygg og rimeleg strøum og inntekter til fellesskapet. Våre tillitsvalde på alle nivå må arbeida hardt for at innbyggjarane våre og næringslivet vert sikra nok tilgang på strøum til ein pris som er å leva med .	Energi	Oversendes redaksjonskomiteen

nr	Kommuneparti:	Begrunnelse for forslaget:	Forslaget:	Tema	Innstilling
53	Sogndal Arbeider parti	Vasskrafta tilhøyrrer fellesskapet. Gjennom vasskrafta har me bygd landet og verdas grønaste industri med høgt kompetente tilsette og viktige arbeidsplassar. Tanken, frå tidleg på 1900-talet, var at me skulle forvalta krafta sjølve, og at folk og næringsliv skulle få nytta krafta til å produsere varer for eksport - ikkje for at kraftselskap og stat skulle eksportere ei viktig råvare til høgast mogleg pris. Det er mange bygder rundt om i heile landet som har betalt prisen for kraftutbygginga med tapte naturressursar, men som har akseptert prisen fordi det har generert arbeidsplassar og aktivitet lokalt. Dette er i endring. Det grønne skiftet fordrar ein felles innsats, men slik det er no vert einskilde soner belasta hardare enn andre med store prisforskjellar mellom dei ulike budområda/prisområda. For den enkelte forbrukar, enten det er hushaldning eller næringsaktør, er det inga trøst at produsentane somme stadar får att meir for straumen samanlikna med andre deler av landet. Føreseielege straumprisar er viktig for alle. Pandemien har medført store utfordringar, både for enkeltmenneske, familiar og næringsliv. Mange har vore permitterte og fleire verksemdar har gått på sparebluss. Det er rett og viktig at staten no kompenserer noko av rekningane til privathushaldningar, men det må koma varige løysingar som gjer kostnadane for straum meir føreseielege og overkomelege. For næringslivet, med unntak av landbruket, vert det ikkje kompensert verken for høge straumprisar eller for den svært urettvise prisskilnaden mellom sonene. Desse prisskilnadane på straum kan i yste konsekvens verka konkurransevridande. Prisskilnadane utjavnast og prisane reguleraast slik at det også i framtida vert råd å driva verksemdar og oppretthalda sysselsetting over heile landet. Vestland Arbeidarparti må arbeida for at myndigheitene syt for rettvis og føreseielege straumprisar til innbyggjarar og næringsliv over heile landet.	Noreg sitt bidrag til det grønne skiftet kan ikkje gje auka belastning for enkelte etter soneinndeling på prisen på straum.	Energi	Oversendes redaksjonskomiteen
54	Stad Arbeider parti	Vi er midt i eit grønt skifte, og stadig meir skal elektrifiserast på land og til havs. Behovet for kraft er enormt. Mange nye kraftutbyggingar medfører potensielt store konflikter. Å ta ned forbruket, mellom anna gjennom ENØK-tiltak, kan ha stor betydning for kraftbehovet. Ein del ENØK-tiltak kan vere kostbart å gjennomføre, for private, for bedrifter og for lag og organisasjonar. Det er difor avgjerande med gode og tilgjengelege støtteordningar for å gjennomføre ENØK-tiltak. Redusert energiforbruk vert ekstra viktig ved vedvarande høge straumprisar.	Stad Arbeidarparti meiner det må utarbeidast fleire tiltak og støtteordningar som bidreg til energiøkonomisering i private og offentlege bygg	Energi	Oversendes redaksjonskomiteen
55	Stad Arbeider parti	Stad AP meiner at den komande energikommisjonen må utrede moglegheitene for ei langt sterkare politisk styring av energisektoren. Dømesvis overføringar via utenlandskablar, bestemmelsar for fyllingsgrad i magasin til vasskraftverka, prisjusteringar for industri og hushald og meir aktivt offentlig eigarskap av energiselskap. Tiltak som til dømes to-pris-system for straum til hushald der det er lav pris for grunnbehov må og utredast. Samtidig må det settast inn motivasjonsstimulering for energieffektivisering.	Stad Ap meiner at regjeringa må ta grep for å få ein forutsigbar, rimelig kraftpris for hushald og næringsliv	Energi	Oversendes redaksjonskomiteen

nr	Kommuneparti:	Begrunnelse for forslaget:	Forslaget:	Tema	Innstilling
56	Stord Arbeider parti	Biogass produseres av organisk avfall og husdyrgjødsel og består i hovedsak av metan. Ved forbrenning dannes CO2 og vann. Biogass kan utnyttes til å produsere strøm, varme og drivstoff og biogassbransjen i Norge har en ambisjon: 10 TWh på 10 år RENEVO Biogass på Stord vil kunne produsere 60 GWh og 4000 tonn flytende CO2 basert på husdyrgjødsel og fiskeensilasje. Bioresten fra produksjonen vil bli gjødsel- og jordprodukt og RENEVO har ambisjoner om å bygge 10 biogassanlegg i Norge. Anlegg nr 2 er under planlegging og vil bli oppført i Etne kommune. Aktuelle råstoffer for fremtidige anlegg: husdyrgjødsel, fiskeensilasje, fiskeslam, matavfall og avfallsslam I et livssyklusperspektiv er biogass bedre enn nullutslipp, og må derfor sidestilles med nullutslipp energibærere som elektrisitet og hydrogen i offentlige dokumenter, anbud og prioriteringer. Biogassanlegg blir stadig mer effektive, men det vil fortsatt være behov for investeringsstøtte i en tid fremover (ENOVA). Markedet for biogass er overmodent for tungtransport og deler av skipstrafikken, men mangler fylleinfrastruktur. Det er fortsatt behov for økonomiske incentiver for å velge biogass framfor fossilt drivstoff for å kompensere for merkostnader ved investering. Matavfall fra Vestlandet, og fiskeensilasje fra norsk fiskeribransje, blir i dag fraktet til Danmark og Sverige for behandling i biogassanlegg der. For at biogassanlegg skal kunne ta imot matavfall må matavfallet igjennom et forbehandlingsanlegg for bl.a. fjerning av plast. Fiskeensilasje kan behandles direkte i et biogassanlegg.	Det grønne skifte krever mer fornybar energi og en offensiv sirkulærpolitikk for å utvikle og ta i bruk mer bærekraftig bioenergi. Myndighetene må fjerne statlige barrierer for økt produksjon av biogass og sørge for: - at biogass likebehandles med nullutslippsteknologier som elektrisitet og hydrogen - at det blir etablert en fylleinfrastruktur langs de viktigste godslinjene både til lands og sjø. - at bærekraftig biogass bør få samme fritak som lavutslipps kjøretøy i bomringer - Enovastøtte til merkostnader knytt til skip og tungtransport. - På Vestlandet må det snarlig etableres et forbehandlingsanlegg for matavfall slik at matavfall kan behandles i lokale biogassanlegg.	Energi	Oversendes redaksjonskomiteen
57	Stord Arbeider parti	Vi støtter opp om kravet om politisk kontroll over strømprisene. Høsten 2021 og vinteren 2022 har vist oss at forvaltninga av en så samfunnskritisk ressurs som strømmen ikke kan overlates til markedskreftene. El krafta i Norge ble bygget ut for å sikre industrien og forbrukere billig og stabil strømforsyning og vi har ofret deler av vår felles natur for dette. Politikerne må nå vise handlingskraft og lytte til fagbevegelse, lokale organisasjoner og næringsliv. Vi trenger strakstiltak og en langsiktig endring i forvaltninga av kraftressursene som sikrer landets næring og industri, samt innbyggere tilstrekkelig med rimelig ren kraft. Det settes stadig nye rekorder på både timepris og dagpris. Konsekvensene kan bli omfattende på lengere sikt. Naturressursene og billig kraft er vårt viktigste konkurransefortrinn. Nå ser vi at vannkrafta er blitt ett spekuljonsobjekt på børs. Hvem er det som taper på dette? Det er industrien, næring, velferdsstaten, vanlige folk, landbruket, bedriftene, osv. Vannkrafta skal ikke eksporteres ut som en råvare til høyest pris. Krafta skal videreføres til metaller og industriprodukter, for så videre eksporteres! Dette krever politisk styring fremfor full markedsliberalisme som i dag. Dette må regjeringen, folkevalgte og myndigheter nå ta et oppgjør med.	Vestland Arbeiderparti stiller bak kravene til industriaksjonen om bedre rammevilkår for Norsk Industri.	Energi	Oversendes redaksjonskomiteen
58	Stord Arbeider parti	Straumen er vår felles ressurs eid i all hovudsak av fellesskapet gjennom stat og kommunar. Straumkrisa har synt alvorlege brister ved dagens straummarknad og -system. Dei svært høge prisane råkar folk, organisasjonar og bedrifter. Verst råka er dei som har minst frå før. For å gje vanlege folk, frivilligheit og næringsliv føreseielegheit og tryggleik for at ein har råd til å betala straumrekninga, må det innførast ein makspris på straum i Noreg. For å sikra at ein framleis har insentiv til å spara, bør maksprisen gjelda nødvendig og normalt forbruk, og ikkje evt forbruk ut over det. Ein mogleg modell kan vera 50 øre/kwt for inntil 3000 kwt i månaden. Dette må utgreiast nærare av energikommisjonen. Ettersom stadig fleire samfunnsområde framover skal elektrifiserast, er den langsiktige løysinga på straumkrisa også å byggja ut kraftproduksjon så raskt som mogleg fortrinnsvis gjennom oppgradering og effektivisering av eksisterande vasskraftverk, og utbygging av havvind. Elektrifisering av sokkelen må i størst mogleg grad skje gjennom havvind, som også kan verta ein viktig marknad for den norske leverandørindustrien etter kvart som oppdraga innan olje og gass framover vert færre	Vestland arbeiderparti meiner det må innførast ein makspris på straum for normalt og nødvendig forbruk. Vestland arbeiderparti meiner at den norske straumproduksjonen må aukast i tida framover gjennom oppgradering av eksisterande vasskraftverk og havvind. Elektrifisering av sokkelen må i størst mogleg grad skje gjennom havvind.	Energi	Oversendes redaksjonskomiteen

nr	Kommuneparti:	Begrunnelse for forslaget:	Forslaget:	Tema	Innstilling
59	Stryn Arbeider parti	Ap sitt program viser til satsing på meir effektiv bruk av energi i næringslivet og hushaldningar gjennom støtteordningar, auka kompetanse og offentlege krav. Dette er nødvendig på kort sikt. Difor må det til ei sterk satsing på ENOVA. Saman med regjeringa si storstilte satsing på havvind og anna fornybar energi, for å sikre kraftressursar til hushaldningar og næringsliv, vil ei langt sterkare Enova-satsing vere ein nødvendig start. Det kan både styrke sysselsetting og redusere energijetterspurnaden. Det hastar å setje i verk fleire tiltak, også med omsyn til leverandørindustrien.	Auka satsing på energiøkonomisering som kortsiktig verkemiddel: Vestland Ap krev at det vert sett i verk kraftfulle tiltak for å møte ei krevjande framtid med aukande underskot på fornybar energi. På kort sikt er det nødvendig med eit skikkeleg løft for energiøkonomisering, både i industrien, offentlege og private bygg. ENOVA må få kraftig auka rammer og det må bli enklare å få støtte til energiøkonomisering.	Energi	Oversendes redaksjonskomiteen
60	Sunnfjord Arbeider parti	Thorium er eit grunnstoff som Norge (Telemark) har svært store meineralførekomstar av (3. største i verda), Thorium kan brukast til framstilling av energi som ikkje medfører co2 utslipp og som ikkje har ulempe som kjernekraftverka har. Thorium kan kanskje vise seg å kunne erstatte Uran i kjernekraftverk og kan då løyse mykje av dagens miljøproblem og mangel på energi i verda. Med den mengda vi har av Thorium i Norge, kan vi mest sannsynleg lage nok energi i fleire hundre år framover. Vi bør derfor satse på forskning og utvinning av dette materialet når verda no treng mykje meir klimavenleg energi	Forskning og utvinning av Thorium for energiføremål: Norge har store meineralførekomstar av Thorium. Det må no brukast større midlar på forskning for å sjå om det er mulig å få fram ei ny energikjelde som er med på å redusere klimaendringa.	Energi	Oversendes redaksjonskomiteen
61	Sunnfjord Arbeider parti	Hurdalsplattformen seier: «Regjeringen vil sikre tilstrekkelig tilgang på fornybar kraft til ny og eksisterende industri på fastlandet, og at kraftoverskudd bidrar til økt verdiskaping og sysselsetting i norsk industri. Fornybar kraft skal være et konkurransefortrinn for norsk industri. Sunnfjord AP er uroa over framtida til industrien og landbruket slik dagens kraftregime fungerer. Høyanger, Svelgen og Årdal er tufta på billig tilgang på straum. Straum er ei naudsynt vare som må regulerast til beste for industri, landbruk og folk. Elektrifisering av sokkelen må ikkje bli eit trugsmål mot eksisterande og ny industri, og det må vere eit krav om havvind dersom prosjektet skal gjennomførast	Ta politisk kontroll over straumen Sunnfjord AP støttar Industriaksjonen sine krav: 1. Stans krafteksporten ved låg fyllingsgrad i vassmagasina for å sikre bærekraftig tilgang på straum. 2. Føreseielege og langsiktige kraftprisar for industri og landbruk, samt topprissystem på straum for hushaldningar. I tillegg meiner vi ein bør droppe elektrifisering av sokkelen dersom dette ikkje kan gjennomførast med havvind	Energi	Oversendes redaksjonskomiteen
62	Sunnfjord Arbeider parti	Kraftkrevende industri betaler i dag en elavgift på 0,546 øre per kwh. Dette er over 95% mindre enn den alminnelige elavgiften som er på 8,91 øre per kWh i januar-mars, og 15,41 øre per kWh resten av året. Store datasentre som driver med utvinning av kryptovaluta (såkalt «mining») får i dag redusert elavgift da de kategoriseres som kraftkrevende industri. Mining av kryptovaluta er ikke med på å skape arbeidsplasser, og blir av mange sett på som miljøfiendtlig grunnet deres høye kraftforbruk. Derfor er ikke dette en industri Arbeiderpartiet ønsker å subsidiere gjennom lavere priser og avgifter.	Strøm: Fjerne redusert elavgift til kryptovaluta-utvinning Arbeiderpartiet skal arbeide for å fjerne elavgift til datasentre som driver med mining av kryptovaluta	Energi	Oversendes redaksjonskomiteen
63	Sunnfjord Arbeider parti	I dag bestemmes strømprisen ut fra hvilken av de fem ulike geografiske sonene du bor i, mens nettleien bestemmes basert på kostnadsnivået til nettselskapet. Dette gjør at man i enkelte områder har mye høyere kostnad enn andre. Strømprisen har i 2021 vært vesentlig høyere i de tre sørligste strømsonene enn i de to nordligste strømsonene. Dette kan endre seg. Olje og Energidepartementet forventer at strømprisen vil øke mest i NO4 (nord) og NO3 (midt) som følge av elektrifisering av sokkelen (kilde). Dersom elektrifisering av sokkelen medfører økte strømpriser er det noe hele landet må spleise på, ikke la deler av landet ta store deler av regningen alene. Nettleien skal dekke nettselskapets kostnad til transport av strøm, gitt effektiv drift, utnyttelse og utvikling av nettet. Det er derfor nettselskapets kostnader som fastsetter nettleien som en får, og gjør at nettleien er veldig ulik rundt omkring i landet. Florø og Førde er ikke veldig ulike byer med tanke på størrelse og beliggenhet. Likevel betaler man 34,5% mer i nettleie i Florø enn man gjør i nabobyen Førde, som skyldes at Førde har BKK Nett AS som nettleverandør, mens det er Linja AS som er nettleverandør i Florø	Strøm: Arbeide for en felles nettleie og strømpris i hele landet Prisen på strøm og nettleie bør være lik i hele landet, uavhengig av hvor man er bosatt. Arbeiderpartiet bør derfor jobbe for å redusere antall strømsoner i Norge fra fem soner til en felles sone, og innføre en felles nettleiepris uavhengig av hvilket nettselskap man har.	Energi	Oversendes redaksjonskomiteen

nr	Kommuneparti:	Begrunnelse for forslaget:	Forslaget:	Tema	Innstilling
64	Sunnfjord Arbeiderparti	Vår billige, fornybare og rene kraftproduksjon er blitt gjenstand for et profittjag som går ut over verdiskapingen i fastlands-Norge. Arbeidsplassene trues av skyhøye strømpriser som er prisen på den råvaren som har gitt Norge konkurranseevne og tusenvis av arbeidsplasser i rundt hundre år. Det er ikke utenlandskablene som gir oss forsyningssikkerhet, det er det våre vannkraftmagasiner som gjør og som har en energilagringsskapasitet på 70 % av vår årsproduksjon. Energiloven av 1991 gjorde vannkraften vår til en vare som et titalls utenlandskeide selskaper og el-kraftmeglere tjener milliarder på å kjøpe og selge til vanlige folk. Vi mener at Arbeiderpartiet nå har en unik anledning til å ta tak i dette og gjenopprette styringen av vårt arvesølv – vannkraften	Vedrørende pris på strøm- endring av avtaler og skatteregime Staten må styre vannmagasinene, kraftproduksjonen og prisen. Staten må også sikre at eksport av vannkraft bare gjelder overskuddskraft. El-kraftavtalen med EU må reforhandles for å få dette til. Fordyrende mellomledd i kjøp og salg av vannkraft må fjernes. Skatteregimet for vannkraft må endres slik at det blir lønnsomt å oppgradere eldre kraftanlegg	Energi	Oversendes redaksjonskomiteen
65	Sveio Arbeiderparti	Noreg er i ein unik situasjon når det gjeld ei berekraftig energiforsyning basert på vasskraft. Dette er eit viktig bidrag for Noreg sin klimapolitikk. Men vårt parti har også sagt at klimapolitikken skal være rettferdig. Dette sett i sammenheng med at det no er vanlege folk sin tur, inneber ei klar forventning om at Arbeiderpartiet i nær framtid syt for stabil og rimeleg energiforsyning både til private, næringslivet og det offentlege. God tilgang til rimeleg energiforsyning bør også i framtida være eit konkurransefortrinn for vår eksportnæring. Slik situasjonen er no, gjev grunn til å bli uroa.	Vestland Arbeiderparti meiner at følgande tiltak bør vurderast: - Halde fram med dagens statlege støtteordning og kanskje auke denne. - Syte for at tilgang til straum blir meir jamnt fordelt i heile landet året rundt. - Statlege avgifter bør avpassast prisenivået i ekstreme situasjonar. - Vurdere endringar i gjeldande konsesjonar for utanlandskablane. - Framtidig havvind bør bli ført til fastlandsnoreg. -Effektivisere dagens kraftanlegg.	Energi	Oversendes redaksjonskomiteen
66	Ullensvang Arbeiderparti	Det haster med å innføre tiltak som også omfatter næringslivet Regjeringen skal ha ros for tiltakene som allerede er iverksatt, men når strømkrisen ser ut til å vedvare må det iverksettes tiltak som omfatter næringslivet. Vi foreslår kompensasjon for priser over 45 øre/kWh for alle strømkunder, også næringslivet. Ved å slå sammen tiltakene til en generell ordning vil vi få en ordning som er enkel å forstå, enkel å praktisere og som vil gi forutsigbarhet for strømkundene. Innslagspunktet ligger på et nivå som vil motivere sluttbrukere til ikke å sløse med strøm. Og viktigst – en ordning som gjelder alle er hva EU selv anbefaler. Norsk husholdning og næringsliv er særlig sårbar for høye strømpriser. Ingen andre varer har samme betydning for alt samfunnsliv som strømprisen. Strømprisen påvirker hver dag folk, næringsliv, frivillige organisasjoner og landbruket. Vannkraften har alltid vært et fortrinn for Norge. Vi har Europas høyeste elektrisitetsforbruk pr innbygger, ikke nødvendigvis fordi vi sløser, men fordi vår energiforsyning hovedsakelig er basert nettopp på den rene fornybare elektrisiteten vi produserer fra vann- og vindkraft. Det innebærer samtidig at vi er mer sårbare for høyere strømpriser enn noen andre land – og forklarer også de voldsomme protestene de ekstreme prisene har skapt.	Forslag: Vestland arbeiderparti har følgende uttale: • Innslagspunktet for straumstøtte vert sett til 45 øre/kWh for sluttbrukarane • Staten tek kostnader over 45 øre/kWh/evt. dekkar 80% over 45 øre • Innslagspunktet gjeld for alle - også næringslivet • Tiltaket er midlertidig f.o.m 01.01.22 t.o.m april når EU-statane skal gjera ny vurdering.	Energi	Oversendes redaksjonskomiteen
67	Vik Arbeiderparti	Som fylgje av elektrifisering av biler, båtar, fly, ferjer og ikkje minst framtidig ny industri, vert det mangel på elektrisk kraft for å ta nye steg i det grønne skifte. I tillegg fører elektrifiseringa, auka kraftproduksjon og auke kraftutveksling med utlandet til kapasitetsproblem i straumnettet som krev store investeringar. Det er eit stort unytta potensiale i å nytta solenergi på tak-/vegg-overflater på offentlege bygg og næringsbygg over heile landet. Dette gjeld særleg nybygg, men også ved fasadeendringar / renovering / ombygging av eksisterande bygg. Påbod om bruk solenergi vil gjev auke i lokalprodusert energi som ikkje vil belaste straumnettet, snarare avlaste det. Tiltaket vil kunne redusere behovet for nye store vind- og vasskraftutbyggingar og det vil redusere investeringane i kraftoverføringa over heile landet. På sikt vil tiltaket både gje billigare straum og billigare nettleige for hushaldningar og næringsliv.	Det bør bli påbod om å installere solfangarar eller solceller på alle nye bygg og ved omfattande renovering av bygg. Påbodet skal gjelda for offentlege bygg og næringsbygg med grunnflate over 500kvm. Gode statlege tilskotsordningar gjennom Enova er ein føresetnad.	Energi	Oversendes redaksjonskomiteen

nr	Kommuneparti:	Begrunnelse for forslaget:	Forslaget:	Tema	Innstilling
68	Vik Arbeider parti	Kraftprisene i Noreg vert fastsett på NordPool, for kvar dag/time for kvart prisområde. Prisområda er definert av Statnett, grunna flaskehalsar for overføring av kraft. I haust/vinter ar vi sett enorme prisdifferansar mellom sør og nord i landet, tidvis meir enn 10 gonger så høge prisar i sør, enn nord for Dovre. Skilnaden skuldast flaskehalsar i kraftsystemet og manglande linjer mellom nord og sør. I praksis er det overskot på kraft nord for Dovre og underskot i sør. Utan flaskehalsane kunne krafta vorte overført fritt mellom nord og sør, og jamna ut kraftprisane innanlands. Det er uholdbart for innbyggjarar og konkurranse-vridande for næringslivet, at prisen på noko dei aller fleste ikkje kan klara seg utan, varierer så mykje mellom landsdelar, til og med internt i enkelte kommunar. I Statnett sin nylege marknadsanalyse, er snittprisen forventa å vera opp mot 30 øre/kWh dyrare sørpå, enn nordpå, heilt fram mot 2026. Slike skilnader i pris mellom regionar er uholdbare, og vil skape mistillit til det politiske systemet, kraftbransjen, og i tillegg redusera motivasjonen for det grøne skiftet. Kraftsystemet i Noreg og Sverige er i praksis felles. Statnett peikar på flaskehalsar i Sverige som hovudårsaka til utfordringane me ser her til lands. Eit slikt svar, tyder på at me i energipolitikken har gjort oss svært avhengige av svenskane.	Straumprisane innanlands må utjamnast. Det må skje ved å investera i utstyr for å styra og utnytta eksisterande kapasitet i den nye linja mellom Sogndal og Ørskog. Ferdigstilla konsesjon og bygga linja mellom Sogndal og Aurland. Oppgradera sambandet mellom Fåberg og Gudbrandsdalen og Aura på Sunndalsøra. Forsere tiltak og konsesjonshandsaming, for å fjerne alle flaskehalsar mellom nord og sør i Norge, så raskt som mogeleg.	Energi	Oversendes redaksjonskomiteen
69	Vik Arbeider parti	I EU er det krav til funksjonelt skilje for nettføretak med meir enn 100.000 kundar. Grunngevinga var fare for at store selskap kunne manipulera marknaden. Det er unødvendig å påtvinga nettføretak i Noreg meir byråkrati enn i EU. I eit stortings-anmodnings-vedtak vart det likevel vedteke å be regjeringa setja grensa på 30.000 kundar, medan Granavoldenerklæringa batt regjeringspartia til å stemme for ei grense på 10.000 kundar. Ei låg grense er byråkratiserende og fordyrande og hindrar smådriftsfordeler og fleksibilitet. Administrasjonskostnadene aukar, noko som går ut over innovasjon og verdiskaping. Å pålegge dei mindre selskapa høgare kostnader aukar nettleiga, og forsterkar presset for å slå seg saman i større einingar. Samtidig dreg dei store aktørane fordel av at mindre selskap ikkje får nytta kompetanse effektivt på tvers av fagområde. Vi er uroa for at dette fører til at distrikta si evne til å tiltrekka seg kompetent arbeidskraft, lokale læreplassar og ein god beredskap med bakgrunn i nærleik og lokal kompetanse, blir skadelidande.	Unntaket i energilova §4-7 3. ledd om krav til funksjonelt skilje for nettføretak må endrast til nettføretak med 100.000 kundar. Noverande grense på 10.000 kundar er byråkratisk, urasjonell og ineffektiv og til hinder for utvikling i distrikta.	Energi	Oversendes redaksjonskomiteen
70	Voss Arbeider parti		Innspel til energikommisjonen Voss arbeidarparti samla til årsmøte ber om at energikommisjonen legg til grunn for arbeidet sitt at rein elektrisk energi er produsert av naturressursar som er fellesskapen si eiga. Elektrisk kraft er ein knapp ressurs som folk flest må få tilgang til i akseptable mengder til ein låg og føreseieleg pris året gjennom. Luksusforbruk må betalast med ein høgare pris. Straumprisen og nettleiga bør vera sams over heile landet. For å setja fart i energiøkonomiseringa bør el-avgifta til slike føremål gå gjennom Husbanken til sterkt subsidierte lågterskel energiøkonomiseringstiltak for folk flest. Staten må også sikra industrien og landbruket føreseielege og gunstige straumprisar. Produksjon av Kryptovaluta, datalagring og anna produksjon utan sysselsetjingspotenisale bør ikkje bli omfatta av ei slik ordning.	Energi	Oversendes redaksjonskomiteen

nr	Kommuneparti:	Begrunnelse for forslaget:	Forslaget:	Tema	Innstilling
71	Øygarden Arbeiderparti	Straumprisane seinhaustes 2021 og vinteren 21/22 har vore på eit nivå som har gjort straumrekningane utfordrande for folk med heilt vanlege inntekter. For folk med dårleg råd har straumprisane vorte eit stort problem, med direkte innverknad i kvardagane. Slik kan det ikkje halde fram. I Noreg skal folk ha billige kraftprisar gjennom heile året. Øygarden Arbeiderparti er nøgde med at Hurdalsplattforma seier at det skal utformast kraftfulle tiltak for å redusere høge straumkostnader. Dette arbeidet må følgjast opp. Straumstønadsordninga som allereie er innført er ei god, midlertidig ordning. Øygarden Arbeiderparti meiner difor det trengs ei permanent endring i rammeverket for korleis straumprisane for privathushaldningane vert fastsett, som gjer at me unngår for høge straumprisar i periodar med lite straum og stor etterspurnad. Dette kan skje på mange måtar: Staten kan til dømes dekkje det meste av privathushaldningane sine auka straumkostnader over ein viss kostnad per kilowatt time. Kostnadane kan anten dekkast direkte av staten – og dermed av dei store inntektene staten har i periodar med høge straumprisar. Eit anna alternativ er at kostnadane vert dekkja inn gjennom kraftprissystemet, ved eit lite påslag i straumprisen for privathushaldningane i periodar når straumprisen er låg.	Me må dei komande åra unngå nye situasjonar der privathushaldningane må ut med det mangedoble av kva straumprisen vanlegvis brukar vere på vinterstid. Arbeiderpartiet må vere garantisten for at straumprisane skal vere for vanlege folk.	Energi	Oversendes redaksjonskomiteen
72	Årdal Arbeiderparti	Bustadpolitikk og Husbanken. Regjeringa har fire satsingar for ein aktiv bustadpolitikk. Vi vil at fleire skal få moglegheit til å eige eigen bustad, utvikle gode bumiljø, legge til rette for å bygge fleire bustader og ha ein klimavenleg byggenæring. Klimakrava til byggenæringa må skjerpast. Det er eit mål å få fart på bustadbygging, særskilt i distrikta.	Årdal Arbeiderparti meiner at regjeringa må gjere nødvendige grep slik at norske solcellepanel blir prioriterte i alle offentlege byggeprosjekt der det er mogleg, både ved nybygg og renovering. Det må også gjevast stønadsordningar, som mva-fritak, tilskot og lån til etablering og utbetring til privatpersonar som ønskjer å ønk-effektivisere bustaden sin, og gjere dei meir klimavenlege.	Energi	Oversendes redaksjonskomiteen
73	Arbeiderpartiet i Bergen	Helseforetakene sitt system for transport av pasienter er ikke dimensjonert for økningen i polikliniske behandlingstilbud på dagtid. Uforutsigbarheten i tjenesten skaper utrygghet for alle pasienter – uavhengig av alder, hjelpebehov og diagnose. Pasientene vet ikke om de rekker fram til behandlingen i tide, til tross for at turen er bestilt på forhånd. Unge barn opplever å vente så lenge på transport etter behandling at de er usikre på om de når medelevene sine på SFO, eller om de blir kjørt rett hjem til middag med familien. Kreftpasienter som har fått cellegiftbehandling, med de ubehageligheter det medfører, opplever å måtte vente i en time eller mer på transporten. Slik kan vi ikke ha det. Transportoppdragene i pasientreiseordningen er dårlig betalt for taxinæringen, og gir halvparten så mye inntekt som en ordinær tur. En direkte konsekvens av dette er at sjåfører tar oppdrag tett opptil pasientreisen, og blir forsinket. Dette er uholdbart både for pasienter, pårørende og sjåfører. Det må en endring til.	Arbeiderpartiet i Bergen vil at: Finansieringsordningen av helseforetakene og pasientreiseordningen må bli evaluert. Pasienter og pårørende må bli lyttet til.	Helse	Oversendes redaksjonskomiteen
74	Arbeiderpartiet i Bergen	I dag bruker ulike helseaktører forskjellige journalsystemer. Dette gjør møtet med helsevesenet krevende for pasienter og det kan være til fare for pasienters liv og helse. Rutiner, sikkerhet og samkjøring av journalsystemer og pasientinformasjon trengs en grundig gjennomgang i helse og omsorgssektoren.	Arbeiderpartiet i Bergen vil ha: En skikkelig renovering og samordning av dagens mange digitale journalsystemer innen helse og omsorg sektoren.	Helse	Vedtatt - oversendes helsekomiteen
75	Arbeiderpartiet i Bergen	Studenter og midlertidige vitenskapelige ansatte har vært tungt rammet av koronapandemien. Tiltakene har ført til at lite eller ingenting av ordinær undervisning har kunnet blitt gjennomført. Dette vet vi har gått ut over både studentenes læringsutbytte og fysiske og psykiske helse. Grunnlaget for studentenes yrkesliv – og landets framtidige kompetanse legges i studietiden. Det alarmeres om manglende motivasjon til å følge skjermundervisning, frafall og mental trøtthet med psykiske utfordringer for mange. Regjeringen må kartlegge de negative konsekvensene for dem som har blitt rammet av tiltakene og komme med målrettede tiltak for å sikre kandidatenes faglige kvalitet og helse.	Arbeiderpartiet i Bergen vil at: Regjeringen skal kartlegge konsekvensene COVID-19-tiltakene har hatt for studenter og stipendiater, og fremme tiltak som sikrer deres læringsutbytte og helse i slutten av pandemien og i tiden etter.	Helse	Avvises - dette er ivaretatt i vedtatt politikk

nr	Kommune eparti:	Begrunnelse for forslaget:	Forslaget:	Tema	Innstilling
76	Arbeiderpartiet i Bergen	Privatpraktiserende spesialister med avtalehjemmel er en del av spesialisthelsetjenesten. Det er helseforetakene som har best kunnskap om pasienter og tetttest dialog med kommunene om det helhetlige helsetilbudet til befolkningen. Helseforetakene som Helse Bergen bør derfor få ansvaret for - eller langt større innflytelse på - oppfølging og ansettelse av nye avtalespesialister slik at de supplerer eksisterende kompetanse og sørger for rett prioritering opp mot behov for helsehjelp. Det må også stilles krav om at privatpraktiserende avtalespesialister er mer transparente med hensyn til ventelister, varighet av behandling og beskriver type behandlingstilbud de kan tilby. Dette vil gi helseforetakene bedre mulighet til å følge opp pasientene og at pasientene får et bedre grunnlag for valg av behandling. I dag er det Helse Vest som følger opp avtalespesialistene og ansetter nye. Det gjør det svært utfordrende for helseforetakene å sikre sammenhengende pasientforløp og at ressursene blir brukt rett. Helseforetakene har også opplevd at det er tildelt hjemler som ikke samsvarer med regionale behov. Innen psykisk helse har det vært spesielt utfordrende å ha oversikt over behandlingsforløpene og om de med størst behov blir prioritert.	Arbeiderpartiet i Bergen vil at: • Arbeiderpartiet i Bergen vil sikre at flere avtalespesialister blir en del av vår felles helsetjeneste.	Helse	Vedtatt - oversendes helsekomiteen
77	Arbeiderpartiet i Bergen	Etter forslag fra Regjeringen har Stortinget vedtatt å øke egenandelen på helsetjenester i 2022 til kr 2921, en økning på kr 461 fra 2021-nivå på kr 2460. Dette er en økning på 19 prosent som er langt over prisstigningen (nov 2020 – nov 2021) på 1,8 prosent (5,1 prosent medregnet prisøkningen på strøm). I Aps program og i Hurdalsplattformen står det «Holde egenandeler på et lavt nivå» og i 2020 beskyldte Ap regjeringen Solberg for å være «fryktelig usosial» da daværende regjering foreslo en økning til kr 3183. Økningen av egenandelen på helsetjenester i 2022 er usosialt og vil ramme mange som allerede sliter økonomisk som følge av korona og de økte strømavgiftene i vinter. Tilbakeføring av den økte egenandelen må gjøres i revidert statsbudsjett til våren.	Arbeiderpartiet i Bergen vil at: • Økningen av egenandelen på helsetjenester i 2022 reverseres til 2021-nivå, som var på kr 2460. Tilbakeføring til 2021-nivå må komme i revidert statsbudsjett våren 2022.	Helse	Oversendes redaksjonskomiteen
114	Arbeiderpartiet i Bergen	Begrunnelse: Bergen og Vestland er en særlig rik museumsregion. Museene har i mange år hatt stramme rammer, både til drift, magasiner, utstillinger og de mange verneverdige bygninger som er en del av den kulturarven museene forvalter. I den siste statlige museumsmeldingen «Musea i samfunnet», fra 2021, stilles det store krav til museene, også om forskning, uten at midler følger med. Bergen er Norges nest største by, og Vestland er et av de største fylkene i Norge. Samtidig er kulturkronene svært skjevfordelt mellom øst og vest. Derfor ønsker AiB et særlig løfte av museene og kulturinstitusjonene i vest. Kulturminneplaner er utviklet i mange av landets kommuner, behovet er stort for å prioritere ikke bare de nasjonalt betydningsfulle kulturminnene, men også regionale og lokale kulturminner. Vestland har med sin lange kyst et særlig ansvar for å ta vare på kystkulturen med sjøhus, kulturlandskap og flytende kulturminner. Vestlandet har landets største flåte av veteranskip og staten bør følge opp fylkeskommunal og kommunal satsing. AiB ønsker derfor en egen Kystantikvar som en del av Riksantikvaren, men med sitt sete i Bergen. Det såkalte Arkitekturopprøret har fra 2014 spredt seg fra Sverige til Norge, Danmark, Finland, Estland, Polen, Tyskland, Frankrike, Storbritannia og USA, et opprør mot manglende estetikk i det nye som bygges og ønske om tradisjonsorientert arkitektur. Dette viser et stort behov for en sterk satsing på kvalitet, både med en bevisst steds- og byforming som tar hensyn til en menneskelig målestokk og tilpasses omgivelsene og en kopling mellom arkitektur, klima og kunst som fremmer et miljøriktig byggeri og gir energi i utformingen av vakre og nyskapende bygningsmiljø.	R17 Museumsløft Arbeiderpartiet i Bergen vil: • Ha et nytt nasjonalt museumsløft, både til investeringer og drift. Museene skal istandsettes til å ta vare på gjenstander og framskaffe og formidle kunnskap om vår historie. Skjevdelingen i kulturkroner mellom Oslo og Vestland må opphøre. • Kulturlandskapet i innlandet og langs kysten, med sjøhus og kystlandskap skal ivaretas og fartøyvernet skal styrkes økonomisk. • Jobbe for en ny Kystantikvar med sete i Bergen. • Utforme en ny nasjonal politikk for arkitektur og landskap, som tar vare på miljø og klima, som både ivaretar gammel byggeskikk og fremmer artistisk og nyskapende formspråk.	kultur	Vedtatt - oversendes kulturkomiteen
115	Alver Arbeiderparti	Fjern kvikksølvlet ved Fedje På 150 meters djup, få kilometer vest for Fedje, ligg ubåten U-864 med 65 tonn flytande kvikksølv på ståflasker. Kjem dette kvikksølvlet ut i naturen vil det vere ei nasjonal katastrofale og ei krise for norsk fiskeri og havbruksnæring. Solberg-regjeringa hadde i utgangspunktet bestemt at vraket skulle dekkast til, noko som vil vere ei heilt uakseptabel løysing. Men etter godt lokalt arbeid, m.a. frå aktørar med tung subsea-kompetanse, sette Solberg-regjeringa ned eit ekspertutval, leia av Gro Kielland, som skulle gi ei ny vurdering av dei alternativa ein har. Utvalet hadde frist for å levere rapporten 1. november 2021, men har fått utsett frist til 1. juli 2022. «Dette er eit veldig omfattande arbeid», sa utvalsleiar Kielland til NRK i november. Når no ekspertutvalet har fått forlenga frist, er det desto viktigare at utvalet gjer ein god jobb og får lagt fram ei solid fagleg fundert vurdering til sommaren.	For oss i Arbeidarpartiet er det berre ei akseptabel løysing på denne saka, og det er at det vert bevilga pengar til at mest mogleg av kvikksølvlet utanfor Fedje blir heva og fjerna.	Miljø	Vedtatt - oversendes næringskomiteen
116	Arbeiderpartiet i Bergen	I forbindelse med gjennomføringen av reguleringsplanen for Mindemyren ble det registrert av Årstad Arbeidersamfunn at staten ved Bane NOR eier et større og sentralt område som vil egne seg som et velegnet friareal. Imidlertid opererer Bane NOR som en privat utbygger. Statlige aktører, som Bane NOR, må bistå byene på byenes egne premisser under et felles mål om å skape en kvalitativ og bærekraftig byutvikling. For tiden fører Bane NOR rettsak mot en annen offentlig etat, Fylkeskommunen, for å øke egen profitt. Dette illustrerer at privatisering av offentlige instanser ikke fungerer hensiktsmessig.	Arbeiderpartiet i Bergen vil at: - Statlige aktører bør avstå fra å operere som en privat aktør og bistå byene med mål om å få til en bærekraftig byutvikling på byens egne premisser	Miljø	Vedtatt - oversendes næringskomiteen

nr	Kommuneparti:	Begrunnelse for forslaget:	Forslaget:	Tema	Innstilling
117	Arbeiderpartiet i Bergen	I forbindelse med gjennomføring av reguleringsplanen for Mindemyren registrerte Årstad Arbeidersamfunn at samfunnets ansvar for bygging av nødvendig sosial infrastruktur som blant annet skoler, aldershjem og barnehager var for dårlig markert i vedtatte planer.	Arbeiderpartiet i Bergen vil at: • Det offentlige ansvar ved fremtidige fortettingsprosjekter må markeres tydeligere i arealplanene. Offentlig formål bør igjen bli et av hovedformålene i alle arealplaner	Miljø	Vedtatt - oversendes næringskomiteen
118	Arbeiderpartiet i Bergen	Hurdalsplattformen gir håp om mer urbant naturvern. Kapittelet om bypolitikk vektlegger å sikre grøntområder, og plattformen lover å ivareta hensynet til natur og klima i plan- og bygningsloven. Dette må følges opp, og Bergen bør gå foran for å utnytte og utvikle tilgjengelige virkemidler. Det føres en stram arealpolitikk, og det er helt nødvendig. Men skal folk bo tettere, er det et tungt politisk ansvar å kunne garantere at de har tilgang til natur, og sikre den tilgangen langsiktig. Dessverre gir kommunale planer ikke et godt nok vern av bynær natur. Det trengs også mekanismer for å få til avklaringer med grunneiere og et godt grunnlag for skjøtsel og tilrettelegging av områder. Kommunene trenger flere og mer fleksible virkemidler på skalaen mellom frivillig vern og ekspropriasjon. Statlige verneordninger bygger i dag enten på naturverdier eller kulturminneverdier. Det bør være mulig å se disse verdiene i sammenheng med hverandre og vurdere vern ut fra forholdene lokalt. Også friluftsliv og flomvern/overvannshåndtering er viktige hensyn for urbant natur- og landskapsvern. Ordningen med statlig sikring av friluftsområder gir et godt utgangspunkt, men bør styrkes og utvikles, og sammenhengen med de øvrige ordningene og virkemidler etter plan- og bygningsloven bør utredes.	Arbeiderpartiet i Bergen vil at: • Bergen kommune tar initiativ til samarbeid med regjeringen om pilotprosjekter for samordning og forbedring av virkemidler for langsiktig sikring av viktige naturområder i områder med utbyggingspress. Åstveitskogen i Åsane og Kanadaskogen i Fyllingsdalen har ulik reguleringsstatus, og bør bli pilotprosjekter for langsiktig vern.	Miljø	Avvises - ivarettet i kommunepartiet
119	Arbeiderpartiet i Bergen	Begrunnelse Arbeiderpartiet i Bergen er opptatt av miljøet og utveksling for norske studenter til utlandet. Derfor er det også viktig å legge opp til gode alternativ for å reise miljøvennlig. Dette skal bidra til akademier til å utveksle ideer og tanker, samt oppmuntre og veilede til lokal kunnskap som eksisterer ved utdanningsinstitusjoner man utveksler til. I dag er det dyrere å velge tog eller buss framfor fly når man skal reise. Likevel ser vi at flere ønsker å reise alternativt til hensyn for klima og miljø. Utveksling i Europa utgjør mange flyreiser, og derfor ønsker Arbeiderpartiet til å legge til rette for at studenter velger miljøvennlig reisemåter. Høyskolen på Vestlandet har i dag 20 stipend på 2000 kroner. Vilårene for å få stipendet er da at studenten må ha fått innvilget plass gjennom utvekslingsprogrammet Erasmus+, reisen gjelder kun til og fra utvekslende utdanningsinstitusjon, reisestrekning og dato må være synlig på reisebeviset. I 2018 reiste 13 prosent av studentene ved Høyskolen på Vestlandet på utveksling. Av disse reiste det ut 60 studenter via Erasmus.	Forslag Sikre tiltak på et nasjonalt nivå for at studenter kan søke et klimavennlig reisestipend av Statens lånekasse og at Stortingsmeldingen «Kultur for kvalitet i høyere utdanning» (2017) sitt mål på 50% utveksling oppnås.	Miljø	Vedtatt - oversendes utdanningskomiteen
120	Arbeiderpartiet i Bergen	Begrunnelse Biogass produseres av organisk avfall og husdyrgjødsel og består i hovedsak av metan. Ved forbrenning dannes CO ₂ og vann. Biogass kan utnyttes til å produsere strøm, varme og drivstoff og biogassbransjen i Norge har en ambisjon: 10 TWh på 10 år. I et livssyklusperspektiv er biogass bedre enn nullutslipp, og må derfor sidestilles med nullutslipps energibærere som elektrisitet og hydrogen i offentlige dokumenter, anbud og prioriteringer. Biogassanlegg blir stadig mer effektive, men det vil fortsatt være behov for investeringsstøtte i en tid fremover (ENOVA). Markedet for biogass er overmodent for tungtransport og deler av skipstrafikken, men mangler fylleinfrastruktur. Det er fortsatt behov for økonomiske insentiv for å velge biogass framfor fossilt drivstoff for å kompensere for merkostnader ved investering. Matavfall fra Vestlandet, og fiskeensilasje fra norsk fiskeribransje, blir i dag fraktet til Danmark og Sverige for behandling i biogassanlegg der. For at biogassanlegg skal kunne ta imot matavfall må matavfallet igjennom et forbehandlingsanlegg for bl.a. fjerning av plast. Fiskeensilasje kan behandles direkte i et biogassanlegg.	Forslag AP i Bergen mener at biogass fra matavfall og tilsvarende bør likebehandles med nullutslippsteknologier som elektrisitet og hydrogen. Bærekraftig biogass bør få fritak som lavutslippskjøretøy i bomringer og Enova bør støtte omlegging skip og tungtransport til bruk av biogass. Det forutsetter infrastruktur bygges, spesielt langs de viktigste godslinjene både til lands og sjø."	Miljø	Oversendes redaksjonskomiteen

nr	Kommuneparti:	Begrunnelse for forslaget:	Forslaget:	Tema	Innstilling
121	Arbeiderpartiet i Bergen	Begrunnelse: De mest gjenvinnbare stoffene vi omgir oss med er metaller. Mens andre stoffer brytes ned og blir til søppel, kan metaller gjenvinnes omtrent til evig tid. Metallene er helt sentrale, dersom vi skal løse klimakrisen ved å gå over til fornybar energi og industri. Dersom verden skal over på kun fornybar energi, trenger vi 90 ganger mer aluminium, og 50 ganger mer jern, kobber og kvarts. For å bare henge med på dagens etterspørsel for stål, aluminium og kobber må vi tredoble dagens produksjon. Ifølge EU er det 25 mineraler som anses som kritiske for å henge med på den teknologiske utviklingen. Europa forbruker i dag 20 % av verdens metaller. Samtidig produserer det under 1,5 % av verdens jern og aluminium, og 6 % av verdens kobber, i Europa. Kina alene kontrollerer langt over halvparten av alle mineralene Europa trenger.	Forslag: Økt produksjon av klimakritiske mineraler: - Ha en storstilt satsning på økt produksjon av mineraler. - Etablere et statlig mineralselskap.	Miljø	Oversendes redaksjonskomiteen
122	Askøy Arbeiderparti	Ta vare på det biologiske mangfoldet I 2019 kom FNs naturpanel (IPBES) ut med en rapport som slo tydelig fast at tap av biologisk mangfold utgjør en like stor trussel mot menneskeheten som klimakrisen. Nærmere 1 million arter står på randen av utryddelse. I FN-rapporten fremheves tap av areal, som den viktigste årsaken til at arter forsvinner. I Norge har vi nærmere 2500 arter på rødlisten, 87% av disse er truet som følge av arealendringer. Det er derfor avgjørende at vi i så stor grad som mulig begrenser utnyttelsen av urørt natur. På samme måte som Norge gjennom Parisavtalen har forpliktet seg til karbonnøytralitet innen 2050, bør det også settes forpliktende mål om mest mulig arealnøytralitet. Kommunene har et særlig ansvar i arbeidet med å ta vare på natur, da det er i kommunene de fleste vedtak om arealdisponeringer skjer. Det er derfor avgjørende at kommunene sikres tilstrekkelig med kompetanse og ressurser til å ta bærekraftige	Vestland Arbeiderparti vil: ● Sette ned et ekspertutvalg som skal se på hvordan kommuner og fylkeskommuner i størst mulig grad kan utnytte allerede utbygd areal, fremfor å ødelegge urørt natur. ● At det utarbeides et mål om grad av arealnøytralitet i Norge frem mot 2050 ● At kommunene sikres tilstrekkelig med kompetanse og ressurser til å i større grad utnytte allerede utbygd areal, fremfor å utnytte mer urørt natur	Miljø	Vedtatt - oversendes miljøkomiteen
123	Askøy Arbeiderparti	Statlig hjelp til VA-investeringer Norske kommuner bør investere 332 milliarder kroner i vann og avløpssystemene sine for å gi dem tilfredsstillende kvalitet, sier SINTEF og Norconsult i en rapport fra 2021. Vedlikehold og fornying har vært forsømt landet rundt. I 2019 ble Askøy kommune rammet av en vannkrise der flere tusen mennesker ble syke som følge av forurensing av drikkevannet. Askøy har i likhet med mange andre kommuner et sterkt behov for oppgradering innen Vann- og avløp. Kostnaden for disse oppgraderingene faller på innbyggere som allerede står i en vanskelig økonomisk situasjon med renteøkning og høye strømpriser. VA-avgift er samtidig en flat avgift som rammer alle likt uavhengig av størrelsen på lommeboken. For å sikre at belastningen ikke blir for stor mener derfor Vestland Arbeiderparti at staten må bidra mer i form av rentefrie lån.	Vestland Arbeiderparti vil: - At staten åpner for at kommuner i en vanskelig økonomisk situasjon og med store investeringsbehov innen VA, kan søke om rentefrie lån.	Miljø	Oversendes redaksjonskomiteen

nr	Kommuneparti:	Begrunnelse for forslaget:	Forslaget:	Tema	Innstilling
124	Fedje Arbeider parti	På 150 meters djup, få kilometer vest for Fedje, ligg ubåten U-864 med 65 tonn flytande kvikksølv på stålfasker. Kjem dette kvikksølvet ut i naturen vil det ha katastrofale følger for kystfolket og ikkje minst for Noreg som sjømatnasjon. Det byrjar å haste no. U-864 har lege på havbotnen sidan 1945. Den vart funnen i 2003 og ein del lekkasje har allereie skjedd i løpet av dei om lag 20 åra som har gått med vegring for å ta ei endeleg avgjerd. Ekspertutvalet skulle i utgangspunktet leggje fram sin rapport om saka i november 2021. Det har dei enno ikkje gjort. Utvalet skulle mellom anna seie noko om dei ulike alternativa me har og kva for ny teknologi som kan nyttast. Men for oss i Arbeiderpartiet er det berre ei akseptabel løysing i denne saka. Kvikksølvet må opp og fjernast frå havbotn, no.	Fjern kvikksølvet! Vestland Arbeiderparti legg til grunn at arbeidet med å fjerne kvikksølvet i vraket av U-864 vert sett i gang snarast råd, og seinast våren 2023.	Miljø	Ivarett i forslag 115
125	Fjaler Arbeider parti	Er fellesframlegg frå Fjaler AP, Askvoll AP, Solund AP og Hyllestad AP. Mange kommunar opplever at nødvending utvikling stoppar opp på grunn av planarbeid som tek lang tid. I Fjaler står mange i kø for å få tilgang på byggjeklare tomter medan ein ventar på arealplan, reguleringsplan og til slutt ein detaljreguleringsplan. Fleire finn det difor enklast å busette seg andre plassar.	Planarbeid i spesielt små kommunar tek tid og store ressursar, og kan vere utdatert når dei er ferdig. Ei forenkling og eit meir levande planregime, som tek utgangspunkt i dei faktiske og praktiske forhold må vere eit mål i all forvaltning. Statsforvaltaren må vere lydhøyr i sin dialog med kommunane, og vere ein pådrivar for utvikling i distrikta.	Miljø	Vedtatt - oversendes kommunalkomiteen
126	Sunnfjord Arbeider parti	Forurensninger fra utslipp fra tidligere tiders aktiviteter ligg avleira i sjøbotnen i mange havner og fjordområder langs kysten. Dette er forureining av miljøgifter og andre helse- og miljøskadelige kjemikalier. Avgangsmasse fra mineralprosjekt kan nyttast som tildekkingsmateriale. Det er ofte stor avstand mellom der massane vert teke ut og der dei kan brukast. Å jamne ut slike transportulempar vil være eit effektivt tiltak. Det gjeld å finne fram til verdiaukande bruk av massane som vert teke ut av fjellet. Det må difor gjevast økonomiske fordelar til dei som nyttar massar. Eksisterande lovverk og skattereglar heimlar ikkje dette i dag. Ein målretta næringspolitikk på dette området må også difor på plass.	Bruk av avgangsmasse frå gruveindustrien til tildekking av forurensa sjøbotn. Stortingsmelding nr 12 (2001-2002) Rent og rikt hav uttaler: «...tilsier at det vil koste fra flere til et titalls milliarder kroner å gjennomføre full opprydding langs hele kysten». Sunnfjord Ap krever at Klima og Miljødepartementet stiller penger til rådighet for å få fortgang i arbeidet med å få fram teknologi, opprette industriinkubator , utgreie plan for opprydding av forurensa sjøbotn	Miljø	Oversendes redaksjonskomiteen
127	Sunnfjord Arbeider parti	Norges mest solgte ladbare hybrid i 2020 var Mitsubishi Outlander. Dersom en kunde velger å lease en Mitsubishi Outlander hybrid, fremfor å kjøpe den, taper staten 35.000-40.000 kr i mva-inntekter (avhengig av utstyrsnivå på bilen). Bakgrunnen for dette tapet skyldes at leasingselskapet krever mva-fradrag på bilen når den kjøpes, og etter leasingperioden selges bilen mva-fritt som bruktbil. Samlet utgjør dette avgiftstapet milliarder hvert år for staten. Det er i dag en tilbakeføringspliktsperiode på 4 år i mval. § 9-6. Det vil si at dersom man selger bilen før det er gått fire år, må deler av mva-beløpet tilbakebetales til staten. Dersom justeringsperioden hadde reflektert verdifallet og levetiden på personbiler ville det vært samme mva-inntekt til staten uansett om en forbruker valgte leasing eller kjøp	MVA: Endre mva-lova: justeringsreglene på personkjøretøy Arbeiderpartiet skal utrede muligheter for å endre mva-lovens tilbakeføringsplikt på personkjøretøy (mval. § 9-6) til å reflektere personkjøretøyets verdifall. Formålet er å sikre nøytralitet i mva-regelverket som gjør at staten får de samme mva-inntektene uavhengig om konsument velger å kjøpe eller leie/lease en bil.	Miljø	Oversendes redaksjonskomiteen
128	Øygarden Arbeider parti	På 150 meters djup få kilometer vest for Fedje, ligg framleis ubåten U-864 med 65 tonn flytande kvikksølv lagra på stålfasker. Det er påvist lekkasje i stålfaskene, og eit område på om lag 47 000 m2 rundt vraket er kvikksølvforureina. Kvikksølvet kan få katastrofale følger for havområde der ubåtvraket ligg, og kan verte ei krise for den norske havbruksnæringa. Styresmaktene kan ikkje sitje stille og sjå på at ei potensiell havkatastrofe nærmar seg, dag for dag. Øygarden Arbeidarparti ser berre ei akseptabel løysing på situasjonen: At mest mogleg av kvikksølvet vert heva og fjerna. Det må sikrast at ubåten ved Fedje får ei trygg og rask handsaming. Ekspertutvalet som skulle ha levert innstillinga si i november 2021 har no fått utseten fristen til 1. juli 2022, for å kunne gjennomføre ytterlegare undersøkingar av vraket.	Når sluttrapporten om U-båten ved Fedje ligg føre er det viktig at regjeringa handlar raskt, og sikrar ei endeleg slutthandsaming av ubåtvraket og miljøfaren kvikksølvet i han inneber for havområdet utanfor Fedje.	Miljø	Vedtatt - oversendes samferdselskomiteen

nr	Kommuneparti:	Begrunnelse for forslaget:	Forslaget:	Tema	Innstilling
129	Øygarden Arbeiderparti	Olje- og gassnæringa er særskilt viktig for verdiskapinga og sysselsettinga i Øygarden. Det statlege selskapet Gassco har ansvaret for sikker og effektiv transport av gass frå norsk sokkel til Europa. Selskapet opererer to kondensat- og gassrørleidningar, som frå midten av 1990-talet og byrjinga av 2000-talet har gått mellom Kollsnes- og Stureanlegga i Øygarden, ein strekning på om lag åtte kilometer. Rørleidningane går fleire stadar gjennom – eller ligg tett ved – bustadfelt. Tryggingssona er no utvida til 210 meter på både sider av rørleidningane. Det er samstundes understreka at det framleis er like trygt å bu i området. Av brann- og eksplosjonsvernloven følgjer det at tilfredsstillande tryggleik i samband med installasjonar som gassrørleidninga til Gassco skal etablerast gjennom tekniske og organisatoriske tiltak i verksemda, eventuelt i kombinasjon med arealmessige avgrensingar. Styresmaktene må difor sjå til at olje- og gassnæringa følgjer opp tryggleiksansvaret lovverket pålegg dei. Når ansvaret for tryggleiken i staden vert kvelva over på lokalsamfunnet, skjer det motsette. Folk i dei råka områda i Øygarden må også seiast å ha rimeleg krav på å sleppe inngripande tiltak i buområda sine grunna ein installasjon som har lagt i buområda deira i fleire tiår, og som det ikkje er planlagt endringar i.	Lokale og sentrale styresmakter må sikre at ansvaret for tryggleiken i samband med olje- og gassinstallasjonar vert følgt opp i praksis av operatørane, som ved rørtraseen mellom Kollsnes og Sture. Styresmaktene må sjå til at tryggleiken så langt det let seg gjere vert ivareteken utan at lokalsamfunn vert lagt til last. Vert verdien av bustadar og eigedom forringa av tryggingstiltak, må offentlege styresmakter sjå til at bebuarane får full erstatning.	Miljø	Oversendes redaksjonskomiteen
130	Arbeiderpartiet i Bergen	Arbeiderpartiet i Bergen foreslår at vedtektene endres slik at årsmøtet velger 2 nestledere. Vestland ap er et stort fylkeslag, 42 kommunepartier og 15 partilag, samt over 5000 medlemmer. Vi er i dag det neste største fylkespartiet. Det er mye arbeid og viktig at vi har en god ledelse på topp, som også kan avlaste hverandre. AIB har to nestledere i dag, og har god erfaring med det, flere andre fylkeslag (Trøndelag, Troms) har det, samt partiet nasjonalt. Vedtektene nasjonalt åpner for at vi kan gjøre denne endringen.	VAP sine vedtekter § 5 pkt. a endres til " 2 nestleiarar".	Organisasjon	Vedtatt - oversendes årsmøtet
131	Alver Arbeiderparti	E39 Vågsbotn-Klauvaneset må ha oppstart i første NTP-periode E39 mellom Vågsbotn og Klauvaneset har ein årsgjennsnittstrafikk på over 20 000 midt på strekket, 12 % av dette er tungtrafikk, dvs. 2500 kjøretøy. Vegbreidda er mindre enn 6 meter på det smalaste, og dette gjer vegen til den smalaste i landet om ein tar omsyn til trafikkmengd. I tillegg er det 25 uoversiktlige avkjørslar på strekket som er om lag 9 km. Ein stor del av tungtrafikken er transport av farleg gods og veksler gjennom området på veg til og frå industriområdet på Mongstad. Vegen er utrykkingsveg til og frå Nordhordland for helse (ambulans), politi og brannvesen, og med rekkverk på begge sider er faren stor for at utrykkingskjøretøy ikkje vil kome fram. Det har vore arbeid i nesten 40 år for å få ei betre og meir framtidssretta løysing. Bergen kommune, kommunane i Nordhordland og Vestland fylkeskommune hadde denne vegen som eit av sine prioriterte prosjekt til rulleringa av NTP våren 2021. det blir framleis arbeid med ein KDP (kommunedelplan) for heile strekket mellom Klauvaneset, Vågsbotn og Arna. Til tross for at Statens vegvesen forseinka KDP-prosessen grunna ein ekstra runde med kostnadskontroll, så vart E39 Vågsbotn-Klauvaneset prioritert med oppstart i første del av NTP når denne vart vedtatt i Stortinget i juni 2021.	Alver AP forventar at arbeidet med KDP har god framdrift, slik at E39 Vågsbotn-Klauvaneset kan prioriterast som første byggetrinn av Ringveg Øst og realiserast i første periode av Nasjonal transportplan, som vedtatt i 2021. Alver AP forventar at Vestland AP står fast ved dette og jobbar mot Stortinget og andre sentrale partar slik dette målet blir nådd.	Samferdsel	Oversendes redaksjonskomiteen

nr	Kommuneparti:	Begrunnelse for forslaget:	Forslaget:	Tema	Innstilling
132	Arbeiderpartiet i Bergen		Forslag: - Arbeiderpartiet krever realisering av Ringvei Øst. For Arbeiderpartiet er det viktig at E39-tunnelen fra Åsane til Nordhordlandsbroen blir prioritert først. Ferdigregulering av denne strekningen må prioriteres for raskest mulig oppstart. - Skissert arealbruk i SVV siste forslag i Vågsbotn må reduseres. - Kryssløsning/påkobling kan nedskaleres ved lavere hastighet, og ved at den legges på nordsiden av Eikåstunnelen og/eller delvis i fjell. - Delstrekningen fra Arna til Fjøsanger må komme som det neste prioriterte delstrekk på Ringvei Øst. Dette er viktig for å få til en funksjonell ringvei. - For strekningen mellom Arna og Vågsbotn må det planlegges for en løsning, som ikke ødelegger for friluftsimteresser og jordbruk på strekket Haugland/Blindheim. Den foreslåtte løsningen vil også være svært negativ for bomiljø på dette strekket.	Samferdsel	Oversendes redaksjonskomiteen
133	Arbeiderpartiet i Bergen	Begrunnelse: De fleste bussholdeplasser som betjenes av stamlinjer er oppgradert slik at de blant annet er universelt utformet med kantstein, bedre bredde og digital holdeplassinformasjon. Dette er blant annet ikke gjort på holdeplassene mellom Oasen og Møhlenpris som betjenes av stamlinjene 4 og 5. Å benytte seg av disse holdeplassene med rullator, rullestol og barnevogn er en utfordring.	Forslag: Arbeiderpartiet krever at bussholdeplassene som betjenes av stamlinjer oppgraderes slik at de tilfredsstiller krav til universell utforming	Samferdsel	Oversendes fylkestingsgruppa
134	Arbeiderpartiet i Bergen	Begrunnelse: De viktigste regionsbyggende samferdselsprosjektene i Hordaland/Vestland er: - E16 og Bergensbanen Arna-Voss - E39 nordover fra Bergen, med hovedvekt på Nordhordlandstunnelen/Ringveg Vest del Nord og rassikring av utsatte områder. Vi vil for øvrig understreke at Arbeiderpartiets politikk er å tilføre ytterligere statlige midler til Bymiljøavtalene, slik Arbeiderpartiet har gjort i alternativt statsbudsjett i en årrekke. Bybanen mot vest og nord er klima- og samferdselstiltak av nasjonal betydning, og bør derfor fortrinnsvis finansieres av staten. Det er også viktig å prioritere forkortet reisetid på Bergensbanen. Dette kan best realiseres ved å bygge ut Ringeriksbanen i henhold til planen	Forslag: AP i Bergen vil i inneværende planperiode av NTP prioritere Bybanen til Åsane, Nordhordlandstunnelen (Ringvei Øst del nord) og E16/Bergensbanen Arna-Voss foran andre prosjekter i Hordaland. Ringeriksbanen har også stor betydning, og bør bygges i tråd med planlagt byggestart i 2024.	Samferdsel	Oversendes redaksjonskomiteen
135	Arbeiderpartiet i Bergen	Fagbevegelsens partilag ber regjering og storting om å ta grep for å hindre at selskaper som profitterer på okkupasjon av palestinsk jord får innpass på norsk jernbane, og at Norske Tog sin kontrakt med Alstom kanselleres. Det spanske selskapet CAF er via underselskapet Euromaint involvert i vedlikehold av togmateriellet til Vy. Norske Tog har samtidig gitt en kontrakt på 20 milliarder til det franske selskapet Alstom. Begge disse selskapene er involverte i ulovlige israelske bosetninger, noe både LO og Norsk Jernbaneforbund har protestert mot. At disse selskapene får innpass på norsk jernbane er urovekkende, og vi ønsker derfor at regjering og storting går aktivt inn for å stanse utviklingen.	Ingen togkjøp fra alstom!	Samferdsel	Oversendes redaksjonskomiteen

nr	Kommuneparti:	Begrunnelse for forslaget:	Forslaget:	Tema	Innstilling
136	Arbeiderpartiet i Bergen	Begrunnelse: Av 337 jernbanestasjoner i Norge er det nå bare 5 stasjoner som er betjent med servicepersonell. På Bergensbanen ble alt av billett-service mellom Bergen og Oslo lagt ned i 2016, inkludert Finse stasjon og viktige knutepunkt som Voss og Geilo. Dette har ført til dårligere servicetilbud for de reisende som ikke reiser fra Oslo eller Bergen. Det var snakk om at dette skulle erstattes av kommunalt drevne servicesenter, men det ble aldri noe av, og i en trang kommuneøkonomi vil nok ikke dette bli prioritert. Det er altså behov for at staten går inn og gjenoppretter den bemanningen som har forsvunnet fra stasjoner som Voss, Finse, Geilo og f.eks Kristiansand og Bodø. 15 samle jernbanen i en integrert modell Oppsplittingen av jernbanen de siste tiårene er en stadig kilde til problemer for både selskapene og de reisende. Aib ber derfor regjeringen jobbe for å få samlet mest mulig av dagens jernbane i en integrert modell, slik Norsk Jernbaneforbund har frontet i flere år.	Forslag: Gjenopprett servicebemanningen på viktige togstasjoner: Fagbevegelsens partilag ber regjeringen om å se på å gjenopprette servicebemanningen på viktige jernbanestasjoner som har blitt ubetjente det siste tiåret.	Samferdsel	Oversendes redaksjonskomiteen
137	Askøy Arbeiderparti	Tredobling av skredsikringsmidler til fylkesvei Det er store utfordringer innen ras- og skredsikring og det er behov for mer midler. Vestland er i en særstilling. Vestland har 93 av de 153 skredpunktene på fylkesvei med høy skredfaktor og 177 av de 488 skredpunktene på fylkesvei med middels skredfaktor. Det er derfor positivt at regjeringen ønsker en nasjonal gjennomføringsplan for alle skredpunkt på riks- og fylkesveier med høy og middels skredfaktor. Det haster imidlertid med å komme i gang med å bygge veiene på Vestlandet. I dag er det mange rundt om i hele fylket som er avhengig av å bruke sterkt rasfarlige veier i hverdagen og alt for ofte opplever vi at skred lammer næringsliv, svekker beredskap og isolerer lokalsamfunn. Hvert år får Vestland fylke i overført i overkant av 400 millioner fra staten til skredsikringstiltak på fylkesvei. Nasjonal Rassikringsgruppe, bestående av alle skredfylkene i Norge, krever at tredobling av midler til skredsikring. Dersom skredsikringsmidlene blir tredoblet vil Vestland få 1,2 milliarder årlig og man kan med dette få rassikret flere av de aller mest rasutsatte fylkesveiene i løpet av en tiårsperiode. En tredobling av skredsikringsmidlene til fylkesveg vil derfor trygge de aller farligste veiene i Vestland, noe som er tråd med hordalsplattformen.	Forslag til vedtak: - At man over statsbudsjettet skal tredoble bevilgningene som går til skredsikring av fylkesveier.	Samferdsel	Oversendes redaksjonskomiteen
138	Austevoll Arbeiderparti	Det viser seg at kartverket som blir nytta av kommunane , og som også er tilgjengeleg digitalt, kan i mange tilfelle vere direkte misvisande då mange tomtar og eigedomar har fiktive grenser som ikkje stemmer med dei reelle eigedomsgrensene. Utfordringar i samanheng med dette kan kome når eigedomar skal arvast, seljast, utbyggast, at rett eigar får nabovarsel når noko blir om søkt på naboeigedomar , osv. Kommunar har begynt å setje fram krav om klargjering av eigedomsgrenser før ein får godkjent byggesøknad. Dette medfører ein del frustrasjon og ikkje minst ekstra kostnader for eigarar, sjølv om dei har papir på ,og kan dokumentere dei rette grensene . Det er eit rimeleg krav at myndigheitene, dvs. kommune ,fylke og kartverket tar kostnad ved å oppgradere karta i dei områda der det er mange tomtar som har fiktive grenser i kartverket.	Fylkeskommunen i samarbeid med kommunane set i gang eit arbeid med å rette opp digitale kartverk og set av midlar på eigen budsjettpost til dette arbeidet.	Samferdsel	Oversendes redaksjonskomiteen

nr	Kommuneparti:	Begrunnelse for forslaget:	Forslaget:	Tema	Innstilling
139	Austevoll Arbeider parti	Austevoll er eit øysamfunn utan fastlandssamband med stor næringsaktivitet, og tilbyr mange arbeidsplassar både til innbyggjarar og pendlarar frå nabokommunane. Det er stor trafikk på ferjesambanda i både nord og sør, og det trengst difor høg frekvens på avgangar. Utvida opningstid og nattavgang er også naudsynt. Det er stor trafikk til og frå Austevoll av store trailerar som skal transportera fersk fisk ut på kontinentet på kortast mogleg tid. Fylkesvegane i kommunen er mange stader i dårleg stand og så smale at berre ein bil kan passere. Det hindrar fri passasje både for skulebussar og tungtransport og utgjør ei fare for skuleborn og andre mjuke trafikantar. Det vil vere ein stor fordel om ein del av denne transporten kunne gå på natt og på tidspunkt der trafikken elles er liten, noko som også tena trafikkavviklinga på fastlandet. Samfunn som Austevoll utan fastlandsamband har i realiteten nattestengt riksveg kvar dag. Det trengs fleire avgangar seinare på kvelden i sør, og eit nattferjetilbod i nord	Arbeiderpartiet eit tydeleg distriktsparti i samferdselssaker • Innføre nattferje til Austevoll. • Auke frekvens og utvide opningstidene på ferjesambanda til og frå Austevoll i både i nord og sør.	Samferdsel	Oversendes redaksjonskomiteen
140	Austevoll Arbeider parti	Austevoll arbeider parti er godt nøgd med at det blir innført lågare pris for å reise med ferje. Dersom det skal innførast gratisferje til øysamfunn utan fastlandsamband, meiner vi det ikkje kan gjerast forskjell på små og noko større samband. Med miljøvennlege ferjer og stadig aukane elbilpark, vil ferjetransport vere eit godt miljøvenleg samferdselstilbod og eit godt alternativ til bru bygging som både er kostnadskrevjande og utgjør eit større inngrep i naturen. Det er på denne bakgrunn rimeleg å rekna ferjestrekningar som ein del av vegnettet og kostnader på desse strekka må kunna samanliknast med kostnader på landfaste vegstrekningar.	Prinsippet om gratisferje for øysamfunn utan fastlandssamband må også gjelde for Austevoll.	Samferdsel	Oversendes redaksjonskomiteen
141	Austevoll Arbeider parti	Slik det er i dag, er Austevoll ein del av sone B i sonesystemet til Skyss. Ei sone der ein ikkje kjem seg med kollektivtrafikk utan å krysse ei anna sone. Dette gjer at det ikkje er hensiktsmessig at Austevoll er i sone B. Mange austevollingar har arbeidsstad eller studiestad i Bergen og det er mange frå kommunar lengre nord som pendlar til Austevoll, og det vil vere meir logisk at Austevoll er med i sone A i sonesystemet, slik som til dømes Askøy og Øygarden kommune.	Vestland Arbeidarparti vedtek at kollektivsone A blir utvida til å gjelda Austevoll kommune	Samferdsel	Oversendes redaksjonskomiteen
142	Austevoll Arbeider parti	Austevollingane er grundig lei av Vestland fylkeskommune gjennom Skyss har eit eige prisområde for Austevoll og Sunnhordland, spesielt retning Bergen for Austevoll. Dette også sett i samanheng med at Austevoll blir plassert i sone B for Buss, og difor ikkje har same fordelene som Askøybåten som er i Sone A der billetten er lik buss, eller at Bergen – Knarvik kostar 58 kroner. Samanliknar vi sambandet Bergen – Knarvik ,med Hufthammar – Flesland kai, og Hufthammar – Bergen, skulle billetten ein veg kosta rundt 116 kroner, og ikkje 230 kroner som det gjer i dag.	Harmonisering av billettpris på snøggbåtsambanda i fylket. Sambanda til og frå Austevoll skal ha same pris for snøggbåt som det billigaste Vestland fylkeskommune drifrar gjennom Skyss pr. reiste km	Samferdsel	Oversendes redaksjonskomiteen
143	Bjørnafjorden Arbeider parti		Pris på buss- Framlegg til vedtak: Prissystemet på buss skal følge sonestrukturen i Vestland uavhengig av om rutetilbudet blir levert av SKYSS eller privat aktør. Grunngeving: Frå Bjørnafjorden kommune er det busstilbod i alle retningar. Skyss har ruter: - mot Bergen og vidare inn i Nordhordland eller vestover mot Askøy/Øygarden - med ferje Hatvik/Venjanaset gjennom Fusa og vidare mot Kvinnherad og Odda Her gjeld prissystemet og sonesystemet til Skyss. - Sørøver med ferje Halhjem/Sandvikvåg er det Kystbussen som er transportør. Prisen på Kystbussen fylgjer ikkje prissystemet til Skyss, og reisa blir mykje dyrare enn sonestrukturen tilseier.	Samferdsel	Oversendes redaksjonskomiteen

nr	Kommuneparti:	Begrunnelse for forslaget:	Forslaget:	Tema	Innstilling
144	Bjørnafjord Arbeiderparti	Grunngjeving: Arbeiderpartiet set liv og helse først. Vegprosjekt der det er høy ulykkesfrekvens og stor rasfare skal prioriterast. Vedlikehald og ras- og tunnelsikring av fylkesvegane må aukast kraftig. Oppgradering av smale fylkesvegar til standard med gul midtstripe er viktig. Det er eit stort etterslep på vegvedlikehaldet i Vestland fylke. Samtidig er ei rekke nye vegprosjekt under planlegging. Sjølv om behovet er stort er det ikkje realistisk at vi vil få statleg finansiering til alle dei ønska vegprosjekta samtidig. Det vil derfor oppstå ei rekke situasjonar der dei ulike kommunestyra og fylkestinget må prioritere kva vegprosjekt som er viktigast for oss. Vestland Arbeiderparti meiner at omsynet til liv og helse må vega tyngst når ulike prosjekt vert vurdert mot kvarandre. For å auke samfunnsnytta til Hordfastprosjektet må indre trasé vurderast på nytt, slik selskapet Nye veier fleire gonger har teke til orde for. Heile indre trasé kan byggast både som 2- 4-felts veg, i motsetning til den planlagde midtre trasé med bru over Bjørnafjorden. Indre trasé vil dessutan knyte indre og ytre delar av fylket saman, jfr. Hordalandsdiagonalen. Og såleis større grad bygga Vestland saman for langt fleire enn midtre trasé gjer. Dette vil gje langt fleire kommunar synergi av utviklinga.	Vestland Arbeiderparti vil auke samfunnsnytta for E39 Hordfast ved å vurdere indre trasé på nytt.	Samferdsel	Oversendes redaksjonskomiteen
145	Bremanger Arbeiderparti	Fylkesveg 614 Svelgen – Indrehus stod som den høgst prioriterte fylkesvegutbygging i gamle Sogn og Fjordane sin RTP. Vegen er næringsåra på kysten som store bedrifter som Elkem Bremanger og Steinvik fiskefarm med fleire er avhengige av for inn, og utfrakting av råstoff og ferdigvarer. Vegen er også viktig i arbeidet med utviding av bu- og arbeidsområdet i regionen. Fylkesvegen er i dag av så dårleg standard at den er til stor fare for tryggleik, miljø og sikkerheit for alle som ferdast her. Vestland Arbeiderparti skal arbeide for fortgang i utbygging av Svelgen – Indrehus.	Bremanger Arbeiderparti meiner at det no må sikrast framskunding og oppstart av Svelgen – Indrehus	Samferdsel	Oversendes redaksjonskomiteen
146	Bremanger Arbeiderparti	Kalvåg Fiskerihamn låg saman med Bømlo høg prioritert i NTP før Vestland fylke overtok ansvar for fiskerihamnene 01.01.2020. No når fiskerihamnene skal overførast frå fylke til stat må Arbeiderpartiet sikre at Kalvåg Fiskerihamn vert lagt inn att i NTP med høg prioritet. Kalvåg fiskerihamn er eit prosjekt som i desember 2019 vil stod klart som eit hovudprosjekt. Det er mange spennande og innovative planer i denne satsinga som gjer Bremanger verd ei satsing både frå stat og fylke. Kommunen ønskjer å vere framtidsretta og ta del i det grønne skiftet. Folket skal i framtida ete meir fisk, godset skal over på sjø, tilby landstraum, legge til rette for ei heil næring slik at arbeidsplassar og verdiar kan skapast.	Bremanger Arbeiderparti meiner at Kalvåg Fiskerihamn skal løftast inn att på NTP si prioriteringsliste.	Samferdsel	Oversendes redaksjonskomiteen
147	Etne Arbeiderparti	Grunngjeving : Det vil være store kostnader med prosjektet. Med dagens kostnadsauke vil det vera lite pengar att til nødvendig vedlikehald og oppgradering av eksisterande vegnett. (rassikring, vedlikehald bruer)	Stopp fergefri veiforbindelse over Bjørnafjorden	Samferdsel	Oversendes redaksjonskomiteen
148	Etne Arbeiderparti	Arbeiderpartiet må jobba for å samle alle politiske krefter i Vestland og Rogaland for å få inn Bakka-Solheim i NTP med oppstart i første del. Vegstandarden er i dag svært dårleg, og "Gul-stripe" prosjektet over Fikse er positivt, men det må ikkje erstatta ny E134.	E134 - Bakka-Solheim	Samferdsel	Oversendes redaksjonskomiteen
149	Fjaler Arbeiderparti	Er fellesframlegg frå Fjaler AP, Askvoll AP, Solund AP og Hyllestad AP. God infrastruktur i distrikta er avgjerande for næringsliv og innbyggjarar og sikrar nødvendig verdiskaping.	Ap må vere pådrivar i løysingar som kan fremme utvikling på infrastruktur i distrikta. Jamfør ferjeavløysingsmidlar og beredskap.	Samferdsel	Oversendes redaksjonskomiteen
150	Fjaler Arbeiderparti	Er fellesframlegg frå Fjaler AP, Askvoll AP, Solund AP og Hyllestad AP. Rassikring er svært viktig, spesielt i storfylket Vestland. Ein opplever til tider at rassikring og utbetring av flaskehaldar på mindre vegar druknar litt i drakampen om midlane mellom dei store prosjekta. Det må vere plass til begge deler. Små investeringar kan vere svært viktige og gje god samfunnsnytta i forhold til kostnaden, og dei kan redde liv.	Det må bevilgast meir pengar til rassikring.	Samferdsel	Oversendes redaksjonskomiteen

nr	Kommuneparti:	Begrunnelse for forslaget:	Forslaget:	Tema	Innstilling
151	Høyanger Arbeiderparti	Fylkestinget i Sogn og Fjordane har vedteke RTP for 2018-2027. Vestland fylkeskommune skal vedta ny RTP i 2022. Vegstandarden på strekninga «Merket – Ulvåna» på FV 55 i Høyanger kommune er skremmande dårleg. Fleire parsellar er direkte trafikkfarlege og strekninga er å sjå på som ein stor flaskehals for alle som nyttar seg av vegen. Høyanger kommune har ved fleire høve spelt inn at fylkeskommunen må sjå på måten dei planlegg og gjennomfører utbetringar i fylkesvegnettet. Etterslepet og behovet er «uendeleg» - særleg sett opp mot dei økonomiske råmer fylket har til vegar. Høyanger Ap meiner tida er komen for å gjennomføre mindre, punktvis utbetringar etter ein anna vegnormal («dreiebok») i fylkesvegnettet enn for riks- og europavegar. Fylkeskommunen både kan og bør fråvike vegnormalen der det er tenleg økonomisk, og ikkje medfører fare for trafikantane. Høyanger AP registrerer at strekninga «Merket – Ulvåna» er blitt prioritert på Vestland fylke si liste over «mindre investeringar på marginallista i investeringsprogrammet i RTP. Strekninga fekk tilført kr. 150.000,- i planleggingsmidlar i 2020 og 2 mill. kr. til vidare planlegging og oppstart reguleringsplan i januar 2022. Høyanger AP krev at Vestland fylke prioriterer denne strekninga ved å løyve midlar til ei etappevis utbetring no.	RTP – MIDLAR VIA POTTEN «UPRIORITERTE MINDRE INVESTERINGAR» TIL PARSELLAR PÅ FV 55 «MERKET - ULVÅNA»	Samferdsel	Oversendes redaksjonskomiteen
152	Høyanger Arbeiderparti	Stortinget vedtok sommaren 2021 ny NTP for åra 2022-2033. I dette dokumentet datt strekninga «Bogen – Sunnfjord grense» ut som prioritert prosjekt i planen. Vegstandarden på strekninga «Bogen – Sunnfjord Grense» på E 39 gjennom Høyanger kommune er skremmande dårleg. Fleire parsellar er direkte trafikkfarlege og strekninga er å sjå på som ein stor flaskehals for alle som nyttar seg av vegen. Stamvegutvalet for E 39 har over tid arbeida målretta for å få til «gul midtstripe» frå Hordaland Grense til Skei. Før eit vegprosjekt kan kome i posisjon til å få konkrete løyvingar, må styresmaktene tilføre prosjektet planleggingsmidlar via Statens vegvesen. Høyanger kommune har gjort sin del av jobben, då kommunedelplanen for strekninga er vedteken i kommunestyret. Vi har og gjort ferdig reguleringsplan for området. Statens vegvesen har justert ned kostnadsramma med 200 mill. kr. i prosjektet med å ta vekk eit «påkøyringsfelt» vestover frå Vadheim. Høyanger AP krev at denne strekninga vert igjen vert prioritert for tildeling av planleggings-midlar.	E39 «Bogen-Sunnfjord grense» må tilbake i NTP	Samferdsel	Oversendes redaksjonskomiteen
153	Kinn Arbeiderparti	I utviklinga av nullutsleppsfarty i maritim sektor har ein kome langt særleg på ferje. Hurtigbåtar ligg etter. Hydrogen som energibærer er igang for ferjer både i Rogaland og i nytt anbod på Vestfjorden, begge er finansiert av staten. Staten har ingen hurtigbåtruter, noko som betyr at det er fylka som må ta risikoen. Kinn Ap meiner staten må ta denne rekninga. Hurdalsplattformen peiker på at hydrogen skal vere eit satsingsområde og ein er òg tydeleg på at fylka skal kompenseras for meirkostnader for lav- og nullutsleppsteknologi. Innan 2025 skal alle hurtigbåtanbod vere nullutsleppsløysingar. Difor hastar det med å få på plass piloten.	Staten må finansiere hurtigbåtpilot. Vestland fylke har vedteke å realisere hurtigbåtrute på hydrogen mellom Florø og Selje. Dette er eit pilotprosjekt som Kinn Ap meiner staten må ta rekninga for.	Samferdsel	Oversendes redaksjonskomiteen

nr	Kommuneparti:	Begrunnelse for forslaget:	Forslaget:	Tema	Innstilling
154	Kinn Arbeider parti	Ferje / kombibåtane er heilt naudsynte for bosetting og næringsliv på øyane utanfor Florø. På 6 av øyane er det bygd ferjelemmar for enkel iland- og ombordkjøring av bilar. Før det kom kombibåtar på rutene, var båtane det som då vart kalla snøggbåtar, og takstregimet følgde det. Seinare er båtane oppgradert til kombibåtar, altså ferje som er eigna i farvatnet dei trafikkerer. Takstregimet frå snøggbåt vart etter kvart underlagt ferjetakstsystemet for bilar, mens passasjerar framleis har båttakstar. Altså 2 takstsystem på same farty. Det er på høg tid at det vert eit likt takstsystem på ferjene; ferjetakst. Sidan ferjene i hovudsak trafikkerer stadar utan fastlandsforbindelse, vil det vere gratis for passasjerane, og takst for bilar følgjer det same regimet som resten av landet. For øyane vil ei slik innretting vere svært positivt, både med omsyn til bosetjing og industri. Vi trur det gje ny positiv utvikling til distriktet. Det tener ikkje hensikta at korleis ferjene vert bygd, skal vere bestemmande for takstane. Ei ferje er ei ferje, enten den er bilførande eller ei.	Rettferdig takstsystem. Ferje / kombibåtane i Florø må få same takstsystem som ferje i resten av landet.	Samferdsel	Oversendes redaksjonskomiteen
155	Kinn Arbeider parti	Kystvegen Måløy-Florø handlar om å bygge kysten tettare saman. Fylkesveg 614 Svelgen – Indrehus stod som den høgst prioriterte fylkesvegutbygging i gamle Sogn og Fjordane sin RTP. Vegen er næringsåra på kysten som store bedrifter som Elkem Bremanger og Steinvik Fiskefarm med fleire, er avhengige av for inn-, og utfrakting av råstoff og ferdigvarer. Vegen er også viktig i arbeidet med utviding av bu- og arbeidsområdet i regionen. Fylkesvegen er i dag av så dårleg standard at den er til stor fare for tryggleik, miljø og sikkerheit for alle som ferdast her. Vestland Arbeiderparti skal arbeide for fortgang i utbygging av Svelgen – Indrehus.	Realisering av Kystvegen Kinn AP ber Vestland AP fortsatt jobbe aktivt for realisering av kystvegen. Det er viktig at den blir prioritert i regional transportplan som skal vedtas i juni 2022.	Samferdsel	Oversendes redaksjonskomiteen
156	Kvam Arbeider parti	Vestland arbeiderparti viser til tidlegare års vedtak, samt Vestland fylkeskommune sine tidlegare uttalar: Vestland Arbeiderparti set liv og helse fyrst. Vestland Arbeiderparti sluttar seg framleis til nasjonal rassikringsgruppe sin konklusjon om å rassikra heile Norge i løpet av 12 år - dvs alle raspunkt med middels høg og høg skredfaktor. Vestland har om lag halvparten av rasutfordringane i Norge. Vi krever at rassikring vert sett øvst på prioriteringslista i nasjonal transportplan. Og at alle raspunkt med høg og middels høg skredfaktor vert sikra innan dei 12 neste åra.	Alle raspunkt med høg og middels høg skredfaktor vert sikra innan dei 12 neste åra.	Samferdsel	Oversendes redaksjonskomiteen
157	Kvam Arbeider parti	Bompengar bør ikkje nyttast som finansieringskjelde der rassikring er føremålet. Slik bruk av bompengar som finansieringskjelde er omvendt distriktspolitikk.	Reine rassikringsprosjekt må fullfinansierast med rassikringsmidlar.	Samferdsel	Oversendes redaksjonskomiteen
158	Kvam Arbeider parti		Vestland Arbeiderparti krev at etterslepet på fylkesveg vert prioritert dei neste 12 åra.	Samferdsel	Oversendes redaksjonskomiteen
159	Kvinnherad Arbeider parti	Stortinget har vedteke ei definering av ferjeavløysingsordninga som skal gjera det mulig å realisere Fjelbergsambandet AS, arbeidet skal intensiverast inn mot Vestland fylke for realisering.	Vestland Arbeiderparti vil intensivera arbeidet for å realisere veg -og bruløysing til Fjelbergøyane.	Samferdsel	Oversendes redaksjonskomiteen
160	Kvinnherad Arbeider parti	Arbeiderpartiet vil utgreie mulighet for ny snøggbåtrute Sunde-Os ved neste anbudsrunde for Sunnhordland. Det vil vera framtidretta ift.pendlarar og næringsliv som har etterspurt bedre kommunikasjon mellom Kvinnherad-Bergen bl.a.for å få kort veg til Bergen Lufthavn.	Utgreiing av Snøggbåtrute Sunde-Os etter ny vegopning av E 39 Svegatjørn - Rådal,hovudveg mellom Os og Bergen.	Samferdsel	Oversendes redaksjonskomiteen

nr	Kommuneparti:	Begrunnelse for forslaget:	Forslaget:	Tema	Innstilling
